

Fordjupningsoppgåve

Kristian Djuve

Korleis endra dei norske stortingspartia partiprogramma sine frå stortingsvalget i 1973 til stortingsvalget 1977 med hensyn til energi- og miljøsaker?

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie for trinn 8-13

Veileder: Thomas Brandt

Mai 2020

Kristian Djuve

Korleis endra dei norske stortingspartia partiprogramma sine frå stortingsvalget i 1973 til stortingsvalget 1977 med hensyn til energi- og miljøsaker?

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie for trinn 8–13
Veileder: Thomas Brandt
Mai 2020

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

Samandrag

Tidleg på 1970-talet vaks det fram ei gryande miljøvernørslle både i Norge og internasjonalt. Organisasjonar som Greenpeace og Fremtiden i Våre Hender vart oppretta og bevisstheten kring energi- og miljøproblem vart større. Samstundes som dette skjedde fant Norge olje i Nordsjøen og det vart restriksjonar på utbygging av vasskraftverk. Også politisk var det mykje som skjedde i denne perioden, med blant anna EF-avstemming, splittelse av enkelte parti og dannning av nye parti. Alle desse hendelsane, samt fleire, førte til ein ny samfunnskritikk kor hensynet til miljøet skulle vera med i rekneskapet om økonomisk vekst. Denne oppgåva har sett på korleis partiprogramma til dei ulike stortingspartia tok tak i energi- og miljøsaker ved valga i 1973 og 1977, og i kor stor grad dei endra eller utvikla tiltaka sine mellom dei to valga. Resultatet viste at partia fulgte den gryande miljøinteressa i befolkninga og internasjonalt, og auka og konkretiserte tiltaka sine mellom valga i ulik, positiv grad. Stabilisering av energibruken, konkrete tiltak for å få trafikken over på kollektivtransport, auka forskning på fornybare energikjelder og ein viss skepsis til samarbeid med Det Internasjonale Energibyrået var saker som hadde brei oppslutning i partiprogramma.

Abstract

Early in the 1970s the focus on environmental issues grew both in Norway and international. Organizations as Greenpeace and Framtiden i Våre Hender were started and the awareness around energy and environmental issues grew. As this happened Norway found oil in the North Sea and they introduced restrictions regarding building of hydropower plants. Also politicaly many things happened in this period – election about EU-membership, party splits and forming of ny parties. All this, plus more, lead to a new social critic where the consideration of the environment should be in the statements about economic growth. This task has looked in to how the party programs for the parliament parties took hold of energy and environmetal cases in the 1973 and 1977 election, and how they changed or developed their politics between the two elections. The results show that the parties followed the growing environmental interest among the people and internationaly, and increased and concretised their politics between the two elections in different, but positive way. Stabilizing the energy use, concrete measures to get the traffic over on public transport, increased research on renewable energy sources and a certain skepticism regarding cooperation with the IEA was cases that had a broad support in the party programs.

Innhold

1.0 Innleiring.....	3
1.1 Oppgåvas struktur.....	4
1.2 Avgrensing og avklaring av oppgåva.....	5
1.3 Metode.....	6
2.0 Politikk og energi i 1970-åra.....	8
2.1 Jom Kippur-krigen	8
2.2 Energi- og miljøsituasjonen i verda på 1970-talet.....	9
2.3 Energi- og miljøsituasjonen i Norge på 1970-talet.....	10
2.4 Den politiske situasjonen i Norge, 1973.....	13
2.5 Den politiske situasjonen i Norge, 1977.....	15
3.0 Resultat og diskusjon	16
3.1 Gjennomgang og samanlikning av partiprogramma – 1973.	16
3.1.1 Generelt overblikk over partiprogramma – 1973.	16
3.1.2 Partiprogrammas syn på, og tiltak mot trafikkforureining – 1973.	17
3.1.3 Olje- og energisektoren – 1973.	20
3.1.4 Andre sentrale tiltak – 1973.	23
3.2 Gjennomgang og samanlikning av partiprogramma – 1977.	25
3.2.1 Generelt overblikk over partiprogramma – 1977.	25
3.2.2 Partiprogrammas syn på, og tiltak mot trafikkforureining – 1977.	25
3.2.3 Olje- og energisektoren – 1977.	28
3.2.4 Andre sentrale miljøtiltak – 1977.	34
4.0 Avslutning og vidare forskning	36
5.0 Kjelder og litteratur	38

1.0 Innleiing

Energi- og miljøspørsmålet er i vinden som aldri før. Etter meir enn 50 år med olje- og gassoppenting i havområda utanfor den norske kyst, har no forskarar og miljøaktivistar intensivert arbeidet og informasjonsflyten kring skadane og konsekvensane denne formen for energi gir. Til tross for dette vart det i desember 2019 pumpa opp gjennomsnittlig 1 759 000 fat olje per dag på norsk sektor.¹ Dette plasserer oss i toppsjiktet over oljeproduserande land i verda. Norge har også andre måtar å produsera energi på – då i stor grad gjennom vasskraft og i mindre grad vindkraft. I følge energifakta.no, ei nettside driven av det norske olje- og energidepartementet, står vasskraft for 94,5 % av den norske produksjonskapasiteten og vindkraft for 3,5 %.² Dette forteller oss at heile 98 % av den energien som blir nytta i Norge kjem frå fornybare energikjelder, og at Norge i så måte er eit foregangsland når det kjem til denne formen for energiutvinning. Vasskraft er noko Norge har lang erfaring med, kor produksjonen av vasskraftanlegg virkelig blomstra i etterkrigstida og fram til 1970-talet. I 1973 kom den første verneplanen for vassdrag, noko som førte til færre utbyggingar av vasskraftanlegg. Vidare kom det verneplanar i 1980, 1986, 1993, 2005 og 2009.³ Ei anna viktig hending innafor energisektoren skjedde også på 70-talet – det vart funnen olje utanfor norskekysten. Riktignok vesle julafta 1969, men effekten av funnet kom ikkje før på 1970-talet. Det norske samfunn sto no overfor mange nye spørsmål, utfordringar og mulighetar. Korleis skulle dei politiske partia angripe energipolitikken på 1970-talet? Dei fleste vassdraga som var aktuelle for utbygging til vasskraftanlegg var allereie bygd ut, eller under ein verneprosess, og olje- og gassfunna var enno av ein ukjent storleik. Og midt opp i dette vaks det fram natur- og miljøverngrupper som *Natur og ungdom* og *Framtiden i våre hender* som nytta nye ord som *miljøvern* og *økologi*. Rapportar som handla om framtidige ressurskriser om ikkje den materielle veksten vart redusert, og bøker som konkluderte med at det ville bli mangel på jord, ferskvann og mineralar, vart lagt fram under denne perioden, og under stortingsvalget i 1977 meinte velgarane at miljøvern var det nest viktigaste saksområdet i politikken, og heile 33 prosent ville prioritera miljøvern framfor industriutbygging.⁴ Også internasjonalt var fokuset på miljøvern vaksande, noko blant anna FNs første miljøvernkonferanse i Stockholm i 1972 og opprettinga av miljøorganisasjonen Greenpeace i 1971 viser oss. Korleis prega dette fokuset hos befolkninga i Norge partia og deiras

¹ Oljedirektoratet 2020.

² Olje- og energidepartementet 2019.

³ Norges vassdrags- og energidirektorat 2019.

⁴ Benum 1996: 34-35.

partiprogram gjennom 1970-talet? Hadde det noko å seia for partia at folket ynskja meir fokus på miljøvern, eller haldt dei fokuset på andre saker? Denne oppgåva ynskjer å setje fokus på utviklinga i miljøpolitikken gjennom stortingsvalga i 1973 og 1977. Ein periode prega av verneplan for vassdrag, olje- og gassfunn, oljekrise i 1973-1974, oppvekst av miljøvernorganisasjonar og BRAVO-ulykka på våren 1977. I tillegg til desse hendingane vaks ein ny samfunnskritikk fram under EF-avstemminga i 1972, som skulle setta fokus på energi- og miljøpolitikken. Problemstillinga blir difor som følger:

Korleis endra partia partiprogramma sine frå 1973 til 1977 med hensyn til energi- og miljøsaker?

1.1 Opgåvas struktur

Det vil i starten bli redegjort for diverse avgrensingar eg valgte å gjera, samt spissing av kva oppgåva skal omhandla. Etter dette vil eg gå gjennom dei metodiske valga som eg gjorde. Dette vil også vera eit kapittel som tar for seg ei form for spissing av oppgåva, då det vil beskriva kva eg såg etter i hovudkjeldene mine. Vidare vil eg ta for meg Jom Kippur-krigen og den påfølgande oljekrisa som kom som ein konsekvens av denne krigen, og korleis dette påverka verden generelt, og Norge spesielt. Deretter vil eg redegjera kort om energi- og miljøsituasjonen i verda gjennom 1970-talet, før eg gjer det same med energi- og miljøsituasjonen i Norge, berre i ein større skala. Her vil eg blant anna ta for meg utviklinga til vasskraft, oljeutvinning og atomkraft. Etter dette vil eg pense meg inn på den politiske situasjonen i Norge i 1973 med fokus på EF-avstemminga, den nye politiske dagsordenen og fraksjoneringa EF-avstemminga førte til. Deretter vil eg ta for meg den politiske situasjonen i Norge i 1977 med mest fokus på endring frå 1973. Dette vil vera siste avsnitt før eg går inn på diskusjonsdelen av oppgåva. Her vil partiprogramma frå 1973 og 1977 bli tatt for seg. Kvart år vil bli delt inn i fire underoverskrifter – *generell struktur, trafikkforureining, olje- og energisektoren og andre tiltak*. Først vil eg gå gjennom 1973 i sin heilhet, deretter 1977 i sin heilhet. Dette er gjort for å få ein heilhetlig kronologi i oppgåva. Alternativt kunne eg plassert dei to årstalla under kvarandre med annakvart avsnitt, slik at kvar del får ei direkte samanlikning mellom dei to åra. Eg vurderer det dog dithen at hensynet til kronologien er viktigare enn den direkte samanlikninga. Avslutningsvis vil eg presentera ei oppsummering over oppgåva og ei avslutning.

Partia vil i oppgåva kunne bli omtalt under følgande forkortingar:

Arbeiderpartiet – AP.

Kristelig Folkeparti – KrF.

Sosialistisk Valgforbund/Venstreparti – SV.

Senterpartiet – SP.

Anders Langes Parti til Sterk Nedsettelse av Skatter, Avgifter og Offentlige Inngrep/Fremskrittspartiet – FP.

Høgre og Venstre vil ikkje bli omtalt med forkortingar.

1.2 Avgrensing og avklaring av oppgåva

Det er viktig å presisera at denne oppgåva kun vil ta for seg dei partipolitiske programma og kva desse programma seier om energi og miljø – det vil vera ein dokumentanalyse. Det vil difor ikkje bli diskutert eller redegjort i stor grad korleis dei forskjellige partia diskuterte politikken innad, og kvifor dei landa på den politikken dei fremja i partiprogramma sine. Det me derimot truleg kan slå fast er at partiprogramma generelt, og energi- og miljøpolitikken spesielt, er resultat av kompromiss mellom dei ulike fraksjonane innad i partia. Som oppgåva skal gå inn på litt seinare førte EF-valget, og det Edgeir Benum karakteriserer som EF-striden i boka si om Norgeshistorien frå 1970-1997, til store omveltingar og fraksjoneringar i norsk politikk.⁵ Det kan tenkes at dette førte til ein meir polarisert debatt både innad i partia, og mellom partia, men det er ikkje noko denne oppgåva vil ta for seg i ein diskusjonsdel. Ein anna ting oppgåva ikkje vil gå inn på er forholdet mellom partiprogrammas intensjonar og den politiske realiteten. Det vil kunne oppstå stadar i oppåva der enkelte politiske realitetar blir trekt fram, men dei vil ikkje bli diskutert i noko særleg stor grad. Det me kan slå fast når det kjem til politisk gjennomføring er at det var Arbeiderpartiet som satt i regjering med støtte frå Sosialistisk Valgforbund. Det vil naturlegvis seia at dei hadde mest politisk slagkraft. Ein skal dog ta med at opposisjonen også hadde påverknad på regjeringa. Diskusjonar rundt politiske vedtak, praktisk politikk og påverknaden frå opposisjonen vil ikkje bli diskutert meir i oppgåva. Vidare vil det ikkje bli diskutert eller redegjort i stor grad for dei ideologiske grunntankane til dei forskjellige politiske partia når det kjem til energi- og miljøspørsmål. Det

⁵ Benum 1996: 12.

er liten tvil om at desse avgrensingane fint kunne fungert som eigne oppgåver, og ved eit seinare høve kan det vera aktuelt å gå inn på også desse vinklingane. Det kan også ved seinare høve vera interessant å strekka tidsperioden lenger – anten fram i tid til valget i 1981, eller bak i tid til valget i 1969. Valget om å ikkje gjera dette i denne oppgåva baserer seg på dei mange hendingane som skjedde gjennom 70-tallet og utviklinga energi- og miljøspørsmålet hadde i denne perioden, samt den begrensa lengda oppgåva skal ha. Fleire av desse hendingane vil bli redegjort for i løpet av teksten, og vil bli trekt inn i diskusjonsdelen som potensielle grunnar til dei forskjellige partipolitiske standpunkt.

Oppgåva vil, som nevnt i innledninga til dette avsnittet, ha eit dokumentanalytisk syn. Eg vil sjå på forskjellar og likhetar på tvers av dei politiske programma.

1.3 Metode

For å få ei oversikt over dei forskjellige partiprogramma frå 1973 og 1977 nytta eg nsd.no, Norsk Senter for Forskningsdata. Partidokumentarkivet til NSD inneheld ei samling av partidokument frå dei fleste norske parti som har eksistert i Norge sidan 1884 og fram til i dag. Eg ordna søkemotoren slik at det vart søkt på årstall. Det vart først gjennomført eit søk på 1973 for å få ei oversikt over partia, og kven som hadde tilgjengelige partiprogram frå dette valget. Deretter vart desse lest gjennom og interessante poeng, setningar, avsnitt og overskrifter vart markert – oppgåva kjem tilbake til kva det spesifikt vart sett etter litt lenger ned i teksten. Etter at partiprogramma for 1973 var gjennomlest, satt eg søkemotoren til 1977 og dei aktuelle partiprogramma for dette året vart gått gjennom på same måte som 1973-programma. Det vart no tydelig kva for nokre parti som var aktuelle å ta med vidare i oppgåva. Følgande partipolitiske program vil eg ta for meg i diskusjonsdelen: Arbeiderpartiet, Høgre, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Venstre, FP og Sosialistisk Valgforbund/Sosialistisk Venstreparti. Desse er tekne med fordi dei alle har med energi- og miljøsynspunkt i sine partiprogram, i tillegg til at dei anten var store og sentrale parti på 1970-talet, gjennomgjekk store omveltningar eller hadde svært viktige og interessante miljopolitiske sakar. Det er verdt å merke seg at databasen til NSD kan mangla enkelte partiprogram, men at det for min del, og denne oppgåva sin del, var meir enn tilstrekkelig materiale for dei utvalgte åra.

Setningar og ord eg leita etter i partiprogramma var ord som i stor grad kan knyttast til energi og miljø. Dette var ressursar, då i hovudsak naturressursar, energi, fornybare energikjelder,

olje, industri, vasskraft, elektrisitet og atomkraft. Desse orda var på førehand valgt ut som nøkkelord, då dei som nevnt er sterkt knytta til energi og miljø. Undervegs i gjennomlesingsprosessen dukka det også opp andre ord som viste seg å vera sentrale i enkelte partiprogram. El-bil, internasjonalt samarbeid, energiøkonomiske hensyn og alternative energikjelder, til dømes. Desse, og fleire begrep, vil bli tatt nærmare for seg seinare i oppgåva.

Ein anna viktig faktor som eg ville sjå etter var kor i partiprogrammet det sto om partiets syn på energi- og miljøtiltak. Det vart antatt at dette kunne ha noko å seia for kor viktig energi- og miljøpolitikken var for dei forskjellige partia, samt kor detaljert og utdjupande tiltak dei hadde. I tillegg til dette vart hyppigheten, altså kor ofte dei adresserte energi og miljø, vurdert. Også dette for å kartlegga kva dei syntes var den viktigaste politikken å fremja.

Etter gjennomlesinga valgte eg å gjera eit siste forsøk på å få med meg alt som var relevant. Dette gjorde eg gjennom å søke på utvalgte ord. På denne måten kunne eg få med meg avsnitt eller setningar eg hadde oversett eller lest for fort gjennom under gjennomlesinga. Orda eg sökte etter var dei same som eg før gjennomlesinga hadde bestemt meg for å ha ekstra fokus på å finna – ressursar, energi, fornybare energikjelder, olje, industri, vasskraft, elektrisitet og atomkraft. Også enkelte ord som eg ansåg som viktige i enkelte partiprogram vart sökt opp i dei andre partiprogramma for å sjekke om dei fantes der også. Desse orda kjem fram i diskusjonsdelen. Det er verdt å merke seg at enkelte avsnitt ville kunne adressere energi og miljø utan at dei ovannevnte orda vart nevnt, og at den første gjennomlesinga var vel så viktig som den avsluttande søkeprosessen. Det er også verdt å merke seg at denne søkeprosessen ikkje vil føra oppgåva inn på eit kvantitativt spor med statistikk ført over antallet stader det står om sökeorda. Det vil berre fungere som ein dobbeltsjekk for eigen del.

2.0 Politikk og energi i 1970-åra

2.1 Jom Kippur-krigen

Den 6. oktober 1973 braut Jom Kippur-krigen ut mellom Israel på eine sida og Egypt og Syria på andre sida. Egypt og Syria igongsatte eit koordinert angrep på Israel på henholdsvis Sinaihalvøya og Golanhøgda – områder dei to angripande landa hadde mista store delar av til Israel under seksdagarskrigen i 1967. Ein krig som hadde sett djupe spor både politisk og psykologisk, og som donna mykje av grunnlaget for Jom Kippur-krigen. Sidan opprettelsen av den israelske stat i 1948 hadde det vore fleire samanstøt og krigar mellom den jødiske staten Israel og dei nærliggande muslimske statane – då særleg Egypt og Syria. Ingen av desse krigane hadde dog vore like militært omfattande, eller lidd så store tap av menneskeliv og materielle skader. Heller ikkje under tidlegare konfliktar hadde involveringa frå supermaktene USA og Sovjetunionen vore like stor som under denne krigen. Det skulle vise seg at konsekvensane etter denne krigen fekk ringverknadar ikkje berre i lokalsamfunna i Midtausten, men også internasjonalt. Medlemslanda i oljeorganisasjonen OPEC bestemte seg for å auka prisen på olje så dramatisk at mange land i verda fekk problem med å skaffa seg olje og gass. Dette gjorde dei for å straffe land som støtta Israel under Jom Kippur-krigen, då særleg USA og Nederland, men også andre land vart sterkt råka av prisauken.⁶ Det var særleg dei arabiske landa i OPEC som jobba for denne straffemetoden. Dei reduserte produksjonen sin kraftig – cirka 20 prosent i forhold til produksjonstalla i september.⁷ Dette igjen førte til at OPEC-landa auka prisen på olje med 70 prosent nesten over natta, og berre eit par dagar etter dette over dobla dei denne prisen igjen.⁸ Som ein konsekvens av dette gjekk bensinstasjonar rundt omkring i dei oljeimporterande landa anten konkurs eller berre hadde mulighet til å vera opne nokre få timer om dagen. Det vart innført kjøreforbud enkelte dagar, særleg helgedagar når dei fleste arbeidsfolk hadde fri, og folk vart oppfordra til å bruke mindre energi og mindre varme i heimane sine. Også Norge vart råka av dette oljeprishoppet. Biletet av kong Olav på trikken opp til Holmenkollen for å gå på ski ein sundag er teken vinteren 1973, nærmere bestemt 16. desember. Til og med han lot bilen stå under den verste perioden. Truleg var dette meir av solidarisk motiv, og ikkje av rein nødvendighet, men det viser at oljekrisa også traff Norge ganske hardt. Sjølv om me i Norge vart råka av oljekrisa, var det andre land som kom verre ut, blant anna tidlegare nevnte USA og Nederland, samt Portugal. Norsk Esso gav i

⁶ Reid 2004: 18.

⁷ A/S Norske Esso 1974: 8.

⁸ Reid 2004: 18.

1974 ut ein kort redegjørelse av oljekrisa og dens verknad. I denne rapporten skriv dei blant anna at USA, Nederland og Portugal var, det me kan kalla, på lag med Israel under Jom Kippur-krigen, og fekk difor ikkje importert noko olje av dei arabiske OPEC-landa.⁹ Også Frankrike og Japan vart ganske hardt råka. Vidare skriv dei at Norge hadde ei nøytral stilling i krigen og vart i så måte rangert i «midten» når det skulle selgast olje. Fordelen til eit par oljeselskap i Norge var at dei hadde gode kontaktar i nokre av dei andre OPEC-landa – Nigeria og Iran – og følgelig kunne importere ein del olje frå desse landa.¹⁰ Som eit resultat av dette var ikkje Norge blant dei hardast ramma landa av oljekrisa i 1973, og betydninga av oljekrisa fekk kanskje ikkje dei lengste og tyngste politiske følgene. Dette blir meir undersøkt i diskusjonsdelen kor det vil bli forsøkt å sjå samanhengar mellom oljekrisa og partiprogramma. Er det mulig å sjå endringar frå valget i 1973 til valget i 1977, og knytta desse endringane opp mot oljekrisa vinteren 1973-74? Vart det til dømes meir fokus på andre energikjelder?

I januar 1974 beslutta OPEC å auka produksjonen igjen, noko som betra situasjonen i Norge i stor grad.¹¹ Kombinert med ein mild vinter og god gjennomføring av sparetiltak gjennom dei første månadane av oljekrisa førte dette til at 7. februar 1974 var situasjonen omtrent tilbake til normaltilstand i Norge, og alle restriksjonar og rasjoneringstiltak var oppheva av regjeringa.¹²

Neste kapittel vil ta for seg meir om korleis energi- og miljøsituasjonen i verda utvikla seg gjennom 70-talet – med hovudvekt på første halvdel.

2.2 Energi- og miljøsituasjonen i verda på 1970-talet

Seint på 1960-talet og tidleg på 1970-talet byrja det så smått å oppstå meir miljøbevisste tankar rundt omkring i verda – då særleg den vestlege. Effekten den aukande industrialiseringa og transporten hadde på lokalmiljøet i form av forurensing av både luft og vatn, samt auka støynivå, fekk folk til å ha meir fokus på å få til eit meir miljøvennleg samfunn.¹³ Dette kombinert med fleire alvorlege hendelsar, som til dømes då ein oljetankar

⁹ A/S Norske Esso 1974: 11.

¹⁰ Ibid: 11.

¹¹ Ibid: 9-10.

¹² Ibid: 10.

¹³ Hellema 2018: 27.

sank utanfor kysten av Vest-England, gjorde folk urolige for framtida.¹⁴ Ein tanke om at utnyttelse av jordas ressursar gjekk for fort, og at me difor måtte begrensa uttaket av til dømes olje og gass, breidde om seg. Denne tanken fekk forsterka effekt av den tidlegare nevnte oljekrisa i 1973-74, som viste kor sårbare enkelte land var for importnedgang eller - stopp av olje. Energiøkonomiske tiltak vart sett i gang for å få folk til å redusera energibruken sin – såkalla ENØK-tiltak. Dette var tiltak som var i gong før oljekrisa, men som virkelig skaut fart under og etter.¹⁵ Desse tiltaka gjekk ut på å spare energi, og bruke energi kun når det var nødvendig – redusere bruken av lys, skru ned varmen på varmeovnar og isolere husa betre er nokre dømer.¹⁶ Konkrete tiltak som kvar og ein innbyggjar kunne gjennomføra utan store problem eller ofringar. For å redusera behovet for import og produksjon av olje lanserte fleire land atomkraft som ei alternativ energikjelde. Særleg Vest-Tyskland, Frankrike og Japan gjekk med konkrete planar om utbygging av slike kraftverk.¹⁷ Dei to siste vart, som nevnt ovanfor, ganske sterkt råka av dei arabiske OPEC-landas oljepolitikk under oljekrisa i 1973-74. Motstanden mot atomkraft viste seg å vera stor, til tross for den tilnærma reine energien anlegga produserte. Faren for alvorlege ulykker og utslepp av kjernefysisk materiale som kunne få svært alvorlege konsekvensar for miljøet var for stor meinte den gryande miljøbevegelsen.¹⁸ Ulykker som Three Mile Island i 1979 og Chernobyl i 1986 førte til ei forsterking av denne motstanden, og bidro til at fleire planlagte atomkraftverk vart lagt på is. Til tross for denne motstanden vart det bygd opp ein del kjernekraftverk rundt omkring i Europa og resten av verda gjennom heile 70-talet, og det var ikkje før etter dei ovennevnte ulykkene at bygginga stagnerte.

2.3 Energi- og miljøsituasjonen i Norge på 1970-talet

Heilt sidan andre verdenskrig tok slutt i 1945 handla mykje av politikken om å byggja opp landet igjen. Eit av verkemidla for å gjera dette var utbyggjinga av vasskraftverk og styrking av denne industrien. Noko av grunnen til denne satsinga på vasskraft var dei mange aluminiumsverka som vaks fram frå rundt 1950. Aluminiumsverka genererte mykje inntekt

¹⁴ Hellema 2018: 27.

¹⁵ Johnson, Brænd & Rosvold 2019.

¹⁶ Hellema 2018: 28.

¹⁷ Ibid: 28.

¹⁸ Ibid: 28.

for Norge i ein periode der investeringsmidlane ikkje var på sitt høgste.¹⁹ Fokuset på utbygging av aluminiumsverk og vasskraftverk var difor stort på denne tida.

I Stortingsmelding 97 (1969-70) Om Energiforsyningen i Norge blir det redegjort for utnyttelsen av vasskraft. Her kjem det fram at til tross for den allereie store utbygginga av vasskraftverk før 1970-talet, var det framleis store potensialer. I den same stortingsmeldinga kjem det også fram at norsk elektrisitetspolitikk i det store og heile har vore eit spørsmål om omfanget og vilkårene for utbygging av vasskraftressursar.²⁰ Det påpeikes også at det berekna potensialet truleg i realiteten blir mindre grunna naturvernghensyn. Dette bringer oss over på den første verneplanen for vassdrag som kom i 1973. I Industridepartementets St. PRP. Nr. 4 (1972-73) Om Verneplan for Vassdrag foreslås det å innføre varig verning av 93 vassdrag/områder, og verning i 10 år av 57 andre vassdrag/områder, eller objekt, som dei omtalar det som.²¹ Dei 93 objekta skriv dei vidare at er «i det vesentlige vassdrag der de kjente utbyggingsinteresser er ubetydelige, mens vernehensynene er vesentlige».²² Dette viser at den første verneplanen for vassdrag, til tross for mange verna vassdrag, truleg ikkje hindra vidare bygging av vasskraftanlegg i så stor grad. Dei verna om vassdrag kor utbyggingsinteressa, og dermed også kanskje kraftpotensialet var lågt. Denne oppgåva skal ikkje gå nærmare inn på utbygging, eventuelt mangelen på det, av vasskraftverk. Den skal heller ikkje gå meir spesifikt inn på kva vassdrag som vart verna og kva som ikkje vart verna. Det som dog er av interesse, er å sjå på kva industridepartementet meiner er «vesentlige» vernehensyn. I kapittel 1.3 *Naturvitenskapelige interesser, naturvern- og friluftsinteresser i vassdragene* ramsar dei opp fleire av desse vernehensyna. Dei meiner blant anna at enkelte områder må fungere som såkalla referanseområder – områder som ikkje er påverka av menneskeleg aktivitet. Desse referanseområda kan fungere som samanlikningsgrunnlag for å sjå korleis menneskeleg aktivitet påverkar naturen. I tillegg til dette trekk dei fram at alt liv er avhengig av vatn, mat frå vatn er viktig for menneska, turisthensyn og transportskapsmangelen.²³ Det er truleg liten tvil om at diskusjonen rundt vasskraftutbygging var aktuell på 1970-talet. Store nasjonale inntektskjelder var knytta til vasskraftproduksjonen, i tillegg til at energiforbruket steig, samstundes som fokuset på vern om naturen og vassdraga også steig.

¹⁹ Stugu 2018: 186.

²⁰ Industridepartementet 1969-70: 15.

²¹ Industridepartementet 1972-73: 3.

²² Ibid: 3.

²³ Ibid: 7.

I 1948 vart Institutt for Atomenergi, IFA, oppretta. I dei to komande tiåra skulle dette instituttet vise seg å bli eit av dei to klart største forskningsinstitutta i Norge. IFA låg langt framme i europeisk atomforskning, og hadde etablert to reaktorar på Kjeller og i Halden allereie på 1950-talet.²⁴ På det tidspunktet Norge bygde sin første reaktor på Kjeller i 1951, var det berre stormaktene USA, Sovjetunionen, Frankrike, Storbritannia og Canada som også hadde bygd eigne reaktorar.²⁵ Norge var altså svært tidleg ute med forskning på fredeleg bruk og utnyttelse av atomenergi. Utover på 60-talet gjekk dog entusiasmen for atomenergi over i ein aukande skepsis. Til tross for dette gav Stortinget i 1969 tilslutning til planlegging av kjernekraft.²⁶ I Industridepartementet si Stortingsmelding 97 (1969-70) Om Energiforsyningen i Norge, blir kjernekraft lagt fram som eit alternativ for framtidig energiproduksjon, i likhet med vasskraft og varmekraft. Norge sto med andre ord ved eit vegskille ved inngangen til 1970-talet når det kom til kjernekraft, og det vil seinare i teksten bli gjort rede for korleis dei forskjellige partia stilte seg til bygging av atomkraftverk. Stortingsmelding 97 (1969-70) fremjer også bruken av varmekraft. Dette er då energi som kjem frå olje.

Vesle julafta i 1969 var det første funnet av olje i Norge eit faktum. Etter over tre år med leiting på norsk sokkel var det no gjort eit gigantfunn med høgkvalitets råolje på Ekofiskfeltet i Nordsjøen.²⁷ Store politiske spørsmål reiste seg i anledning dette – då særleg av økonomiske og verdivernemessig karakter. Fokuset, som hadde prega perioden før 1970-talet, på å utvikla Norge til noko meir enn ein råvareprodusent vart lagt på is, og Norge gjekk tilbake til si gamle rolle som råvareeksportør.²⁸ Sjølv om det første oljefunnet var vinteren 1969, kom ikkje produksjonen i gong før fullt før i 1975. Dette er truleg noko av grunnen til at også Norge vart råka av oljekrisa i 1973/74. Me var ikkje klare til å produsera olje tidsnok til å forsyna oss sjølve etter konsekvensane av Jom Kippur-krigen. I 1977 starta gassproduksjonen på Frigg-feltet og frå 1979 starta drifta på Statfjord, som innehaldt enorme olje- og gassreservar. Frå starten på oljeproduksjonen i 1975 og fram til 1981 steig produksjonen på den norske sokkelen frå to millionar til 50 millionar tonn.²⁹ Viljen og den økonomiske gevinsten av å produsera olje kan utfrå desse talla sjå ut til å ha vore stor. Diskusjonen var stor kring oljevirksomheten. Spørsmålet om korleis olja kunne innpassast i det norske samfunnet

²⁴ Stugu 2018: 192-193.

²⁵ Hofstad 2019.

²⁶ Hofstad 2019.

²⁷ Benum 1996: 70.

²⁸ Stugu 2018: 253.

²⁹ Benum 1996: 70.

vart sentralt. I den forbindelse vart det fremja ei stortingsmelding om «Petroleumsvirksomhetens plass i det norske samfunn», Stortingsmelding 25 1973/74. Her vart blant anna tempoet i utvinninga av olje diskutert – eit spørsmål som også skapte uenighet blant dei ulike partia. Blant anna ynskja dei største partia Høgre og Arbeiderpartiet å produsera om lag 90 millionar tonn olje årleg, medan blant anna SV ynskja å begrensa det til rundt 50 millionar tonn olje årleg.³⁰ Ola Svein Stugu skriv i boka si «Norsk historie etter 1905» at det fram til 1973 hadde vore lite offentleg oljediskusjon, og at det var først då debatten hardna til.³¹ Oljeskeptikarane vart fleire og meir høgrøsta. Blant fleire grupper var miljørørsla tydeleg i si mening – oljeutvinninga vart sett på som eit trugsmål mot økosystema i havet.³²

2.4 Den politiske situasjonen i Norge, 1973

Stortingsvalget i 1973 var eit valg med mange dimensjonar. EF-avstemminga i 1972, kor folket sa nei til å söke om EF-medlemskap, gav store politiske ringverknadar innafor norsk politikk. Arbeiderpartiets Trygve Bratteli si første regjering gjekk av som ein konsekvens av dette, berre halvtanna år etter at Per Borten frå Senterpartiet si regjering gjekk av. EF-strida var det politiske stridsspørsmålet som hadde vakt mest engasjement sidan krigen.³³ Mektige krefter sto på ja-sida, som til dømes regjeringa, dei to største partia; Arbeiderpartiet og Høgre, LO, Arbeidsgiverforeningen og store organisasjonar innafor industri, handel og skipsfart.³⁴ På den andre sida var dei mindre partia Senterpartiet og Sosialistisk Folkeparti, samt delar av KrF og Venstre, landbruks- og fiskeriorganisasjonane, studentar og yngre akademikarar og miljøvernerar.³⁵ Også ei ny bølge av ungdomspolitikarar vaks fram på nei-sida. Desse sette fokus på negative følger av effektiviseringskrav og vekst som til dømes sentralisering av befolkning og ei rovdrift og forureining av naturen – ein ny samfunnskritikk vaks fram. Kursen mot eit «grønare» samfunn var viktig å setja.³⁶ Hovudargumentet til ja-sida gjekk på at deltakelse i EF kunne gi oss ein større økonomisk vekst gjennom enklare tilgang til eksportmarknaden. Samfunnskritikken til nei-sida gjekk på at økonomisk vekst skulle vera underordna andre hensyn og at utviklinga av eit betre samfunn ville kreva brot med vekst-

³⁰ Benum 1996: 75.

³¹ Stugu 2018: 251.

³² Ibid: 251.

³³ Benum 1996: 11.

³⁴ Ibid: 11.

³⁵ Ibid: 12.

³⁶ Ibid: 16.

tankegangen. Denne samfunnskritkken, skriv Benum, skapte ei ny politisk dagsorden.³⁷ Vil denne politiske dagsorden visa seg igjen i dei partipolitiske programma ved valget i 1973? Og i såfall, i kor stor grad?

EF-avstemminga fekk ikkje berre konsekvensar for Arbeiderpartiet. Partiet Venstre, kor det var splittelse innad i partiet om EF-medlemskap, vart delt, og Det Liberale Folkepartiet, dei som var for medlemskap, vart oppretta med tidlegare kommunalminister Helge Lunde Seip som leiar. Etter splittelsen av Venstre falt partiet dramatisk i popularitet ved valget i 1973, og endte opp med skarve 2,3 prosent av stemmene. Det Liberale Folkepartiet gjorde eit betre valg enn partiet dei braut ut frå og endte opp med 3,4 prosent av stemmene.³⁸ Sosialistisk Valgforbund, ei samling av parti på venstresida med Sosialistisk Folkeparti i spissen, gjorde eit svært bra valg, mykje grunna sitt klare standpunkt i EF-strida.

Stortingsvalget i 1973 var det første etter at Norge fann olje i Nordsjøen, og spørsmålet om olje- og energiutvinning verkeleg fekk fart på seg. For å toppe dette vart den første verneplanen for vassdrag vedtatt på Stortinget tidlegare på året, noko som førte til færre utbyggingar av vasskraftverk. Etter ei massiv utbygging av vasskraftverk etter krigen, byrja motstanden å auka i stor grad utover på 70-talet, kor blant anna Mardøla-aksjonen stakk seg fram. Dette var den første aksjonen kor det vart nytta sivil ulydighet som eit middel i motstand mot kraftutbygging. Motstanden mot utbygging av Altavassdraget var sterkt inspirert av denne aksjonen, og er kanskje den mest kjente vasskraftstrida. Også her vart sivil ulydighet nytta i stor grad. Denne strida var gåande frå 1970 til 1982 då Högsterett slo fast at utbygginga var innafor loven. Fleire kampar vart dog vunne for motstandarane mot utbygging av Altavassdraget – blant anna verning av bygda Masi – sjølv om det endelege resultatet vart tap, og utbygging av kraftverk. Strida om Altavassdraget var ei konflikt som engasjerte samar, naturvernalar og laksefiskarar, og som fekk særleg positive ettervirkningar for samaness rettighetar.³⁹ Dei forskjellige aksjonane mot utbygging av vasskraftverk kan seiast å vera noko av grunnlaget for oppblomstringa av ein slagkraftig natur- og miljøvernbevegelse i Norge.

Ved valget i 1973 gjekk Arbeiderpartiet ned med 12 mandat samanlikna med valget i 1969, og gjorde dermed sitt därlegaste valg sidan 1930. Dei danna likevel regjering – i mindretal – og var avhengig av støtte frå særleg Sosialistisk Valgforbund i sakane dei la fram. Tidlegare

³⁷ Benum 1996: 23.

³⁸ Tvedt 2019.

³⁹ Stugu 2018: 300.

statsminister Lars Korvald og hans Kristelige Folkeparti gjekk fram på meiningsmålingane og endte opp med 11,9 prosent av stemmene.

2.5 Den politiske situasjonen i Norge, 1977

Sittande regjeringsparti Arbeiderpartiet gjekk fram med heile 14 mandat frå valget i 1973, og endte då opp med 42,3 prosent av alle stemmene – totalt 76 mandat. Ola Svein Stugu peiker på motkonjunkturpolitikken og andre store sosiale og politiske reformar partiet gjennomført i løpet av si regjeringstid frå 1973 til 1977 som grunnar til den store oppslutninga. Ein viktig grunn for dette var at partiet ynskja å vinna tilbake veljarar som hadde gått over til SV ved valget i 1973.⁴⁰ Også Høgre gjekk sterkt fram, og vart nok ein gong det nest største partiet på Stortinget med sine 41 mandat. Senterpartiet gjekk noko ned samanlikna med førre valg, og det same gjorde Venstre – om enn i minimal grad. Det største fallet hadde det tidlegare kalla Sosialistisk Valgforbund – ved valget i 1977 kalla Sosialistisk Venstreparti – med heile sju prosentpoengs fall i oppslutninga. Dei endte no på 4,2 prosent av dei totale stemmene.⁴¹ Truleg gjekk fleire av veljarane til SV over til Arbeiderpartiet som ein konsekvens av den politikken Arbeiderpartiet hadde ført. I tillegg forsvann veljarar grunna lågare tiltru til partiet, mellom anna som følgje av indre strid, skriv Ola Svein Stugu.⁴² Også Arbeiderpartiet opplevde uroligheter innad i partiet mot slutten av 1970-talet. Det utvikla seg store indre motsetningar i partiet mellom to fløyar som støtta kvar sin frontfigur. På landsmøte i 1975 gjorde Arbeiderpartiet Reiulf Steen til partiformann og Odvar Nordli til statsministerkandidat. Då statsminister Trygve Bratteli trakk seg som statsminister i 1976 tok Nordli over. Dei indre motsetningane mellom dei to fløyene – Steenfløya og Nordlifløya – gjorde ting komplisert for partiet, men er ikkje noko denne oppgåva vil gå nærare inn på.⁴³

⁴⁰ Stugu 2018: 256.

⁴¹ Tvedt 2019.

⁴² Stugu 2018: 257.

⁴³ Ibid: 260.

3.0 Resultat og diskusjon

Første del av diskusjonen vil ta for seg generelle tendensar og oppbygging av partiprogramma. Her vil det bli tatt for seg strukturen i partiprogramma, og bli sett på kor i partiprogramma energi og miljø blir adressert. Mengden på tekst om desse temaene vil også bli vurdert. I andre del av diskusjonen vil det bli gått meir spesifikt inn på energi- og miljøtiltaka ved partiprogramma, og dei vil bli diskutert i noko grad opp mot kvarandre. Det vil i starten av denne delen bli tatt for seg trafikkforureining og tiltak for å minska denne. Deretter vil partia sine tiltak knytta til olje- og energisektoren bli lagt fram, før det i siste del vil bli lagt fram andre tiltak. Desse andre tiltaka vart vurdert til å ikkje passe inn i dei to første kategoriane, og til å vera for snevre til å få eigne kategoriar. Nesten alle partia vil bli tatt for seg, i større eller mindre grad, for å visa bredden i miljøpolitikken.

Av partia som eksisterte ved valga i 1973 og 1977 og som framleis eksisterer er samtlige tatt med i diskusjonsdelen, med unntak av Rødt, eller Rød Valgallianse som det heita i 73 og 77. Partiet Rødt vart stifta i 2007 etter at Rød Valgallianse og AKP slo seg saman. Rød Valgallianse er utelukka grunna den svært låge oppslutninga deiras under dei to valga – 0,4 prosent i 1973 og 0,6 prosent i 1977.⁴⁴ Det Liberale Folkeparti, også kalla Det Nye Folkepartiet, forsvann frå listene etter valget i 1985. Dette kombinert med låg oppslutning under valget i 1977 førte til at dei ikkje vart funne relevante for diskusjonsdelen. FP er berre tatt med i kapittel 3.1.1 og 3.2.1.

3.1 Gjennomgang og samanlikning av partiprogramma – 1973.

3.1.1 Generelt overblikk over partiprogramma – 1973.

Alle partiprogramma tok for seg spørsmål knytta til energi og miljø, med unntak av FP. Dei hadde eit svært kort partiprogram som strakk seg over berre tre sider, og som stort sett hadde fokus på avgifter og begrensningar staten la på privatpersonen. Av dei partia som nevnte energi og miljø, adresserte samtlige knapphet på ressursar, rovdrift eller langsiktig tenking på ressursane i innleiingsbiten av partiprogrammet, i lag med mange andre politiske kampsakar. Venstre, Arbeiderpartiet og SV nevnte det allereie i første eller andre avsnitt og ga difor inntrykk av at dette var viktig for dei. Venstre haldt fram med eit delkapittel kalla «Vårt ansvar for etterslekt» kor dei tok for seg energi- og miljøsaker til ein viss grad, rett etter

⁴⁴ Tvedt 2019.

innleiinga. Dei to sidene dette kapittelet femnar om er dog det einaste miljøkapittelet dei hadde. Arbeiderpartiet på si side hadde meir spredd energi- og miljøomtalar, men hadde til gjengjeld ikkje eit eige kapittel om miljøvern. Dei andre partia hadde også spredd litt energi- og miljøsakar rundt omkring i partiprogramma, i større eller mindre grad. Senterpartiet hadde eit avsnitt om «naturressursar og samfunnsplanlegging» på ei side, med fokus på nokre miljøtiltak, ellers lite totalt sett. Det same gjaldt KrF som omtrent ikkje nevnte energi og miljø før dei to siste sidene. Partiet Høgre adresserte miljø på side to i partiprogrammet – her nevnte dei hovudsakleg miljøvern i eit internasjonalt perspektiv – eit perspektiv Arbeiderpartiet også hadde i nokre av sine miljøtiltak. Seinare i partiprogrammet hadde dei to underoverskrifter til som adresserer miljø- og energispørsmålet – til saman cirka tre sider. Det er verdt å merke seg at det er ein del andre ting dei adresserte i tillegg til energi og miljø under disse overskriftene. Til slutt må SV nevnes, som hadde eit stort avsnitt om økologi og miljøvern som innehaldt 40 punkt med større og mindre tiltak, på side 10.

Totalt sett kan ein konkludere med at energi- og miljøspørsmål vart tatt opp i alle partiprogram, med unntak av FP sitt. Inntrykket var at KrF og SP ikkje prioriterte miljøsaker i så stor grad, grunna plasseringa av tiltaka i partiprogramma, samt dei få tiltaka. SV hadde mange tiltak og Venstre plasserte tiltaka sine svært tidleg i partiprogrammet, noko som styrker inntrykket av at dei ynskja å prioritere energi- og miljøspørsmåla. Arbeiderpartiet og Høgre befant seg i ein slags mellomposisjon og verkar å ha fokus på at miljøsaker måtte arbeidas for gjennom internasjonale samarbeid. Vidare vil det bli gått i djupna på dei spesifikke tiltaka til partiprogramma.

3.1.2 Partiprogrammas syn på, og tiltak mot trafikkforureining – 1973.

Trafikk, og forureiningar knytta opp mot dette, gir konsekvensar både globalt og lokalt med hensyn til miljøet. Dette gjaldt også på 1970-talet kor særleg lokalmiljøet merka den aukande biltrafikken, noko partia ville gjere noko med. Arbeiderpartiet hadde blant anna i sitt partiprogram eit punkt kor dei skreiv at «det fastsettes grenser for forurensningsgraden av luft i tettsteder og normer for gassutslipp fra motorkjøretøy». ⁴⁵ Verdt å merke seg her er at dei ikkje nevnte noko spesifikke grenser for forurensningsgraden. Ei heller er det godt å vite kva desse normane for gassutslepp er. Seinare i programmet deiras trakk dei fram ynskjet om å prioritere «kollektive kommunikasjonar» som «bidrar til miljøvennlige trafikkløsninger». Dei

⁴⁵ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 14.

skreiv på same punkt at kollektivtransporten skulle gis betydelige fordelar og at dei ville setja inn tiltak for å redusera privatbiltrafikken i dei større byane.⁴⁶ Dei ville utvikla eit avgiftssystem som tok hensyn til bilens forskjellige rolle i by kontra distrikta, samt bilens totale samfunnsmessige kostnad. Vidare ville dei ha mest mulig tungtransport over på jernbana, utreda sjøtransport utfrå blant anna miljømessige hensyn og få Norge til å «minst følge opp de internasjonalt mest vidtgående bestemmelser for å begrense transportmidlene s forurensing av miljøet.»⁴⁷

Høgre hadde liknande saker på sitt partiprogram. Dei skreiv blant anna at «all planlegging og utbygging må skje etter en grundig vurdering av hvilke transportformer som er mest miljøvennlige». Dei såg for seg at utbygginga av kollektive transportmidler skulle prioriterast så høgt at dei på lengre sikt skulle overta mesteparten av persontransporten.⁴⁸ Som eit verkemiddel for å få til dette ynskja dei å reservere køyrefelt til kollektivtrafikk, «skape grunnlag for bedre samordning av all kollektiv transport i et område uansett om den er privat, kommunal eller statlig» og bruk takst- og tilskotspolitikken aktivt for å stimulera til auka bruk av dei kollektive transportmidla. Der kor AP ynskja å fastsetja normar for gassutslepp frå bilar, ynskja Høgre at utsippet av helsefarlege gassar «søkes avviklet».⁴⁹

KrF var mildare i sine uttalelsar kring miljøtiltak i trafikken, enn dei to partia over. Dei ville at jernbana skulle få ein meir framtredande plass i tungtransporteringa, slik som Arbeiderpartiet også ynskja. Dei ville også gjera NSB til eit tevlingsdugande alternativ til biltrafikken, særleg opp mot persontrafikken i dei største byane og trafikken over lange «fråstandar». Til sist har dei eit punkt om «prioritering av kollektiv trafikk framfor privatbiler, serleg i tettbygde strok».⁵⁰ Dei har dog ingen fleire punkt om korleis dei skal prioritere den. KrF har altså ingen konkrete tiltak – berre ambisjonar, kan det verke som.

Senterpartiet ville setje ei øvre grense for innholdet av skadelige stoff i bileksosen.⁵¹ Dette er ein anna ordlyd enn kva me ser i AP og Høgre sine partiprogram, men budskapet er omrent det same – mindre farlege gassar frå bilane. Når det gjeld kollektivtransport trakk Senterpartiet særleg fram jernbana og kommunikasjonen mellom distrikta den gir. Dei såg også på jernbana som løysinga på «de problemer som knytter seg til kollektivtrafikken til de

⁴⁶ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 16.

⁴⁷ Ibid: 30.

⁴⁸ Høgre partiprogram, 1973: 18.

⁴⁹ Ibid: 19.

⁵⁰ KrF partiprogram, 1973: 31.

⁵¹ Senterpartiet partiprogram, 1973: 21.

større byer». Samstundes som dei sa dette, sa dei også at dei berre ville «opprettholde jernbanens linjenett stort sett slik det er i dag».⁵² Ein kan jo undra seg over om dette ville vera mulig, all den tid biltrafikken og persontrafikken var aukande. Når det kjem til godstransport var dei også meir beskjedne enn dei andre partia – dei ville styrke jernbanens konkuransedyktighet.⁵³

SV ville også at det skulle «settast strenge grenser for giftige utslepp frå køyretøy», og skreiv på same punkt at dei ville setja «forbod mot blyinnhald i bensinen».⁵⁴ Her var dei meir spesifikke på kva stoffer dei ville ha forbod mot, enn dei andre partia. Ein anna plass dei var meir spesifikke enn resten av partia var angående kollektivtransport. Dei ville at «lokaltrafikk med buss, bane og trikk bør bli gratis», samt at «videre utbygging (forlenging) av transportlinjer for kollektivtrafikk over kommunegrensene kunne komme istedenfor motorveier og finansieres som dem» i pressområder. Dei ville altså ha gratis kollektivtransport, samt betre utbygging av kollektivårer. Under same punkt ville dei i dei «større bysentra forby privatbilkjøring i og i tilknytning til arbeidstida».⁵⁵ Dette var ganske radikale tiltak, og er noko som er aktuelt den dag i dag med politikken Miljøpartiet de Grønne fører i Oslo. SV er like dei andre partia når det kjem til jernbana og tungtransport – dei ville ha det over på jernbane. Totalt har SV mange konkrete tiltak retta mot trafikkforureining – fleire enn dei andre partia.

Venstre hadde ingen revolusjonerande tiltak på trafikksida. Dei hadde mykje av det same som dei andre partia. Ynskja meir tungtransport over på jernbana, samt «satse på skeinegåande kommunikasjonsmidel som eit miljøvennleg transporttilbod, serleg i samband med kollektivtrafikken inn til dei store byane».⁵⁶

⁵² Senterpartiet partiprogram, 1973: 26.

⁵³ Ibid: 26.

⁵⁴ SV partiprogram, 1973: 13.

⁵⁵ Ibid: 14.

⁵⁶ Venstre partiprogram, 1973: 12.

3.1.3 Olje- og energisektoren – 1973.

Oppgåva skal nå gå over til å sjå på korleis partiprogramma omtalar energiområdet. Dette gjeld særleg vasskraft og olje- og gassforekomstane Norge henta frå Nordsjøen, samt i nokon grad energikrevjande industri.

Arbeiderpartiet skreiv i 1973 at dei ville ha «økt tempo i kraftutbygging for vannkraftens vedkommende innenfor rammen av verneplan». ⁵⁷ Dei skriv også ein anna plass i partiprogrammet at verneplanen for vassdrag måtte følgas konsekvent. ⁵⁸

Når det kom til tempoet i opphenting av olje og gass meinte Arbeiderpartiet at det var avhengig av om det blir islandført i Norge og norsk industris mulighet for vidareforedling av olje og gass som skulle bestemme dette, og ikkje miljøhensyn. Under same punkt i partiprogrammet ville dei dog legga «stor vekt på å hindre miljøskader ved produksjon, islandføring og utnyttelse av olje og gass». ⁵⁹ Korleis, eller kva tiltak dei hadde for å hindre dette, kjem ikkje fram i partiprogrammet. Vidare ansåg Arbeiderpartiet det som sentralt at områder nord for 62. breiddegrad reserveres statsoljeselskapet – og dermed gav dei også inntrykk av at dei ville ha oljeboring her. Det same synet på oljeboring nord for 62. breiddegrad hadde Senterpartiet. ⁶⁰

Arbeiderpartiet ynskja også å auka innsatsen i energiøkonomisk forskning, samt «klarlegge utviklingstendensene for de forskjellige energikilder med sikte på valg av den riktige sammensetning av energigrunnlaget i framtida». ⁶¹ Dei nevnte her ingenting om kva energikjelder dei sikta til, slik enkelte andre parti gjorde i sine partiprogram, som til dømes SV.

Høgre knytta i 1973 nokre av vernehensyna lagt fram i Industridepartementets St. PRP. Nr. 4 (1972-73) Om Verneplan for Vassdrag inn i sitt partiprogram. Dei påpeikte blant anna ansvaret «overfor våre etterkommere til å etterlate naturområder uten fysiske inngrep» og at desse områda har ein verdi for forskningsformål. ⁶² Dette samsvarar med det Industridepartementet skreiv om at enkelte områder må fungera som referanseområder og at

⁵⁷ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 31.

⁵⁸ Ibid: 14.

⁵⁹ Ibid: 31.

⁶⁰ Senterpartiet partiprogram, 1973: 28.

⁶¹ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 31.

⁶² Høgre partiprogram, 1973: 19.

desse områda ikkje kan vera påverka av menneskeleg aktivitet grunna forskningsformål. Dei ynskja altså å følgja verneplanen for vassdrag. Høgre meinte i 1973 at industrien ville krevja det meste av tilgongen på elektrisk kraft, og at dei dermed ville «forsere arbeidet med utredning av alternative energikilder».⁶³ Vidare skreiv dei at utredninga måtte spesielt behandle dei miljømessige følgene av energiproduksjonen. Dei nevnte spesifikt konvensjonell varmekraft, gass- og atomkraft som alternativ energiproduksjon. Også Senterpartiet såg på desse energikjeldene som mulige å bygga ut.^{⁶⁴}

I oljespørsmålet ville Høgre ha ei vurdering på «forurensningsfarene og mulighetene for miljømessige forstyrrelser ved produksjon og islandføring av olje og ved etablering av petrokjemisk industri». I tillegg til dette ville dei samarbeida med andre kyststatar for å bygge opp eit internasjonalt regelverk «for å verne mot forurensning og vurdere de langsigktige økologiske skadevirkninger oljeuttappingen kan medføre». Høgre stilte seg positiv til mulig utvinning av olje nord for 62. breiddgrad.^{⁶⁵}

Høgre meinte at det berre unntaksvis ville bli aktuelt å etablera nye store kraftkrevjande industriar. Dei såg på særbeskatning av energiforbruket som eit tiltak, dersom energiforbruket kom til å få ein for sterk auke, men ynskja at eit slikt tiltak måtte gjennomførast på internasjonal basis.^{⁶⁶} Forskning på forureining som følge av utvinning, islandføring og foredling av olje ville dei intensivera, samt utvida oljeberedskapen.^{⁶⁷} Blant anna gjennom etablering av fleire mottakaranlegg som kunne motta oljeavfall frå skip.^{⁶⁸}

SV ynskja å prioritere bruk av naturgass til produksjon av elektrisk straum, og at satsing på kraftkrevjande industri skulle opphøyrast.^{⁶⁹} Vidare skriv dei at kraftverk som var driven av slik naturgass – samt kjernekraft – berre måtte reisast «dersom det er godgjort at dei ikkje fører med seg strålefare, klimaendring eller mindre miljøskader».^{⁷⁰} Dei ville altså ikkje la energiproduksjonen gå på bekostning av miljøproblema dei eventuelt kan skapa. Dei skriv også tidleg i partiprogrammet sitt at dei såg på kapitalismen som ein årsak til natur- og

^{⁶³} Høgre partiprogram, 1973: 20.

^{⁶⁴} Senterpartiet partiprogram, 1973: 27.

^{⁶⁵} Høgre partiprogram, 1973: 20.

^{⁶⁶} Ibid: 20.

^{⁶⁷} Ibid: 21.

^{⁶⁸} Ibid: 22.

^{⁶⁹} SV partiprogram, 1973: 7.

^{⁷⁰} Ibid: 12.

miljøproblema.⁷¹ Dette kan knyttast opp mot det nøkterne synet dei hadde på kraftkrevjande industri og retningslinjene dei ynskja på kraftverka. Dei skreiv ingenting om at dei ville satsa på vasskraft, men dei nevnte at dei støtta verneplanen for vasskraft.⁷²

SV ville ha sikrare garantiar mot forureiningsskadar frå oljefelt før dei gir ut nye oljekonsesjonar i 1973.⁷³ Dette kan knyttast opp mot Bravo-ulukka i 1977. Der kor Arbeiderpartiet ville ha på plass desse garantiane først etter ulukka, ville SV ha dei på plass fire år tidlegare. Også Senterpartiet ville ha på plass garantiar, då i form av eit beredskapsapparat, for slike oljeulukker.⁷⁴ Oppgåva kjem tilbake til Arbeiderpartiets syn på dette i 1977-delen. Vidare om oljesynet til SV meinte dei at oljeressursane måtte nyttast gradvis med tanke på at seinare generasjonar har bruk for den, samt at det måtte bli utarbeidd ein nasjonal plan for ressursforvaltning.⁷⁵

KrF var meir lik SV enn Arbeiderpartiet i spørsmålet om vasskraft. Dei meinte blant anna at «styresmaktene må forsera planlegginga av overgang til andre energikjelder enn vasskraft», og at ein måtte vera sparsommelig med å «gje konsesjon for prosjekt som er haldne utanfor den vedtekne verneplanen for vassdrag dersom det ligg føre sterke verneinteresser».⁷⁶ Dei hadde altså fokus på å «verna» vassdrag som ikkje var tekne med i verneplanen for vassdrag, medan Arbeiderpartiet ville ha eit auka tempo på utbygginga av vasskraftverk innanfor verneplanen. Ordlyden i desse to partiprogrampunktene gir oss eit inntrykk av at KrF tar meir miljøhensyn enn Arbeiderpartiet. Som ein konsekvens av den minkande vasskraftutbygginga trakk KrF fram andre energikjelder som aktuelle, slik som «atom-, gass- og oljekraft».⁷⁷ Dei same tankane hadde Senterpartiet også.⁷⁸

KrF ville vera forsiktige med utbygging av kraftkrevjande industri, omtrent likt som SV. Dei ynskja, i likhet med Arbeiderpartiet, å åpna opp for oljeutvinning nord for 62. breiddegrad, men at ein også måtte ha stor vekt på «tryggings- og naturvernomsyn».⁷⁹

⁷¹ SV partiprogram, 1973: 1.

⁷² Ibid: 11.

⁷³ Ibid: 12.

⁷⁴ Senterpartiet partiprogram, 1973: 21.

⁷⁵ SV partiprogram, 1973: 11.

⁷⁶ KrF partiprogram, 1973: 32.

⁷⁷ Ibid: 31.

⁷⁸ Senterpartiet partiprogram, 1973: 27.

⁷⁹ KrF partiprogram, 1973: 31.

Venstre hadde i 1973 mange like forslag til tiltak som dei overnevnte partia – prioritere den energiforsyninga som økologisk sett var mest forsvarleg, utgreie bruken av gasskraft, minska kraftkrevjande industri, gjennomføra verneplanen for vassdrag og ha eit moderat tempo i oljeutvinninga, grunna tanken på etterkomarane.⁸⁰ I tillegg til dette hadde dei eit ynskje om å «skipa eit katastrofefond ved ei øremerka avgift på olje og gass til bruk ved uhell under arbeid ved boringsplattformar eller islandføring».⁸¹ Dei var klare på at dei ynskja eit nytt omgrep for økonomisk vekst – ein skulle også ta andre hensyn enn kun det økonomiske, deriblant miljømessige avtrykk.⁸² Som nevnt tidlegare vart Venstre splitta før valget i 1973 grunna uenighet rundt EF-spørsmålet – Venstre var på nei-sida, og denne tankegongen rundt økonomisk vekst prega denne sida. Det ville vore interessant å sjå på korleis Det Liberale Folkepartiet omtala økonomisk vekst i sitt partiprogram, men det får bli ei anna oppgåve då dei vart vurdert bort i denne.

3.1.4 Andre sentrale tiltak – 1973.

Dette delkapittelet vil – i likhet med kapittel 3.2.4 *Andre sentrale miljøtiltak – 1977.* – omhandla partia sine syn på internasjonalt samarbeid for klimasaker, samt andre tiltak som stakk seg særleg ut med hensyn til miljø. Desse tiltaka eller sakane vart ikkje funnen vide nok til å få eigne delkapittel, men er her samla under eit.

Som nevnt tidlegare i oppgåva var Arbeiderpartiet opptatt av det internasjonale samarbeidet kring miljøproblema. Dei meinte blant anna at Norge måtte «bidra til en effektiv oppfølging av FN` s miljøkonferanse» - også kalla Stockholmskonferansen.⁸³ Det vil ikkje bli gått særleg inn på kva denne tar for seg, men det er verdt å merke seg at dette var den første miljøvernkonferansen i regi av FN. SP stilte seg også støttande ovanfor FN og miljøarbeidet der.⁸⁴ Arbeiderpartiet nevnte også at ødslinga med ressursane og miljø-ødeleggelsen hang saman med at verdsøkonomien var dominert av blant anna private interesser. Dei meinte at Norge måtte engasjera seg i internasjonalt samarbeid for å få betre kontroll på verdsøkonomien, og dermed også betre kontroll på miljø-ødeleggelsar.⁸⁵ Dette blant anna gjennom å få stabilisert prisutviklinga på råvarer – deriblant olje. Høgre hadde også dette i sitt

⁸⁰ Venstre partiprogram, 1973: 3.

⁸¹ Ibid: 9.

⁸² Ibid: 2.

⁸³ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 3.

⁸⁴ Senterpartiet partiprogram, 1973: 5.

⁸⁵ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 4.

partiprogram.⁸⁶ Oljekrisa berre månadar etter valget viste kor utsatt verdsøkonomien var. Også seinare i partiprogrammet påpeikte AP viktigheten av internasjonalt samarbeid, her meir spesifikt europeisk og nordisk.⁸⁷ Denne innstillinga til internasjonalt samarbeid kan ein truleg knytta opp mot deiras positive syn på EF-medlemskap. Det same gjaldt Høgre, som rett ut skreiv at Norge var best tjent med EF-medlemskap – også i miljøspørsmålet, og at EF var det viktigaste miljøpolitiske instrumentet i Europa.⁸⁸ Høgre ynskja også at norsk støtte kunne bidra til miljøtiltak i u-land.⁸⁹ Dette gjaldt også Senterpartiet.⁹⁰ Desse to partia ynskja også miljøvernhsensyn på Svalbard.⁹¹ SV hadde lyst å samarbeida med dei fattige og mindre maktige landa i FN om blant anna rovdriften på naturressursane.⁹² Dei hadde også ein gjennomgåande politikk som var sterkt negativ til kapitalismen og dei rike landa, og dette tiltaket heng truleg saman med det.

Innafor industrien ynskja Arbeiderpartiet forskning som førte til produkt og produksjonsprosessar som gav mindre forureining og mindre bruk av ressursane, og at dei som forureina måtte «betale kostnadene ved forebygging,rensing og tiltak mot mulige skadenvirkninger».⁹³ Eventuelle omstillingar ved installasjon av reinseanlegg til dømes, kunne gis lån til, skreiv dei.⁹⁴ Også Høgre og Senterpartiet var positive til forskning og økonomiske konsekvensar av forureining innafor industrien og andre bransjar.⁹⁵

Senterpartiet peikte på viktigheten av å bygga opp miljøvernorgan i kommunane og fylka.⁹⁶ Venstre ville styrka undervisninga om økologi og miljøvern i skulen, noko dei var åleina om i 1973.⁹⁷ SV hadde eit nokså radikalt forslag om «stabilisering av folketalet.»⁹⁸ SV ynskja også ei lov om at bedrifter som «forgifter omgjevnadene ikkje får lov til å betale aksjeutbytte».⁹⁹

⁸⁶ Høgre partiprogram, 1973: 11.

⁸⁷ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 7-8.

⁸⁸ Høgre partiprogram, 1973: 10, 25.

⁸⁹ Ibid: 11.

⁹⁰ Senterpartiet partiprogram, 1973: 21.

⁹¹ Høgre partiprogram, 1973: 11.

⁹² SV partiprogram, 1973: 3.

⁹³ Arbeiderpartiet partiprogram, 1973: 13.

⁹⁴ Ibid: 30.

⁹⁵ Høgre partiprogram, 1973: 7. Senterpartiet partiprogram, 1973: 21.

⁹⁶ Senterpartiet partiprogram, 1973: 21.

⁹⁷ Venstre partiprogram, 1973: 16.

⁹⁸ SV partiprogram, 1973: 11.

⁹⁹ Ibid: 12.

3.2 Gjennomgang og samanlikning av partiprogramma – 1977.

3.2.1 Generelt overblikk over partiprogramma – 1977.

Partiprogramma i 1977 hadde ei generell auke i energi- og miljøpolitikk i forhold til 1973.

Det verka som at KrF og SP i større grad prioriterte spørsmål knytta til energi og miljø, då dei plasserte energi- og miljøpolitikken sin lenger oppe i partiprogrammet, og omtalte det i noko større grad. Dette gjaldt også Fremskrittspartiet som hadde eit delkapittel om energi- og miljø. SV plassert også miljøpolitikken lenger oppe i partiprogrammet, denne gongen på side sju.

Dei la i tillegg ved ei liste over dei 17 viktigaste punkta ved programmet nederst i dokumentet. Tre av punkta gjekk inn på spesifikke tiltak knytta til energi og miljø – meir om desse seinare. Høgre og Venstre verka å ha omrent like mykje ved dei to valga, og hadde ei ganske lik oppbygging som i 1973. Arbeiderpartiet hadde i 1977 ei eigen overskrift som tok for seg «vern om miljøet og trygging av ressursane» på tre sider. Totalt sett verka det som det var ei auke i fokuset på energi og miljø frå 1973 til 1977. Det blir dog viktig å gå inn på dei spesifikke sakane dei omtalar, for å sjå om det er dei same tiltaka dei vil gjennomføra, om det er nye tiltak som kjem til og kor spesifikke dei er i omtalane sine, for å vurdera om fokuset faktisk auka.

3.2.2 Partiprogrammas syn på, og tiltak mot trafikkforureining – 1977.

For Arbeiderpartiet sin del var det viktig å vidareføra «arbeidet med å byggja opp eit landsomfattande kollektivt transportsystem» - herunder eigne kjørefelt for kollektivtransporten – samt gjera jernbana meir konkurrsedyktig.¹⁰⁰ Utanom dette var det ikkje særleg mykje om trafikkforureiningstiltak. I 1973 hadde dei punkt kor dei adresserte viktigheten av å minske gassutslepp og innføre tiltak for mindre privatbilisme i dei store byane. Det kan verka som partiprogrammet i 1977 hadde mindre sokelys på trafikkforureining enn i 1973.

Høgre ynskja framleis at kollektivtransporten vart styrka, men skreiv denne gongen ingenting om reservering av kollektivfelt, slik dei gjorde i 1973. Dei hadde modifisert seg noko, og ville nå berre «oppmuntra til interkommunalt og regionalt samarbeid når det gjelder utvikling av bedre kollektive trafikktilbud», og at «staten må medvirke til en bedre samordning av takspolitikken og lokaltrafikken». Dei ynskja å auka utbygginga av «parkeringsanlegg

¹⁰⁰ Arbeiderpartiet partiprogram, 1977: 27.

tilknyttet kollektivtransport» som vil «avlaste behovet for bruk av privatbil i byene». ¹⁰¹ Dette var endra ordlyd i forhold til i 1973 kor dei ynskja at kollektivtrafikken skulle overta mesteparten av personbiltrafikken. I likhet med Arbeiderpartiet ville dei gjera jernbana meir konkuransedyktig, og meinte at «det er nødvendig med en modernisering og rasjonalisering for å bedre jernbanens transporttilbud». Dei ville også at «utslippsbestemmelser for biler skjerpes i takt med de teknisk/økonomiske muligheter», kor dei i 1973 ynskja farlige gassar avvikla. ¹⁰² Også her hadde dei modifisert ordbruken. Totalt sett sitt me igjen med same inntrykk som ved AP sitt partiprogram – trafikkforureining hadde ikkje same prioritet som i 1973.

KrF verka til å ha ein positiv kurve i trafikkpolitikken frå 1973. Dei haldt på ynsket om å føra tungtransporten over til jernbana og skip, samt at dei ville «prioritere kollektiv transport framfor privat-bilisme». Av nye tiltak ville dei i 1977 vurdera å innføra «universalkort for alle kollektive transporttilbud», noko som var eit konkret tiltak for å få privatbilismen over på kollektivtransporten. ¹⁰³ Eit anna konkret miljøtiltak dei fremja var at «motorvognavgiftene bør favorisere de minst energikrevende bilene, og at blyinnholdet i bensinen må reduseres». ¹⁰⁴ Dette liknar på SV sitt tiltak frå 1973 om å forby blyinnhald i bensinen. Eit interessant punkt på KrF sitt partiprogram var deiras ynske om å styrka jernbana, og ikkje la busstrafikken styrkes. Det kan sjå ut som dei då såg for seg at jernbana skulle ta hovudansvaret for kollektivtransporten. Samanlikna med partiprogrammet i 1973 var 1977-programmet prega av mange fleire konkrete tiltak.

Senterpartiet ynskja, som dei andre partia, å styrka kollektivtransporten. Dei ynskja betre «samordning av all kollektivtrafikk innenfor et bestemt område», at jernbana skulle spele ei viktig rolle, at «drosjebilene i større grad utnyttes som ledd i kollektivtransporten» og at parkeringsreglar og -avgifter skulle fungera som virkemiddel for å regulera privatbilismen i byar og tettstadar. ¹⁰⁵ Av dette var det jernbana som hang igjen frå 1973 – ellers var det meste ny politikk. Dei trakk også fram miljøfordelane ved sjøtransport, og ville styrke utbygginga av havner og terminalar. ¹⁰⁶ Dei hadde ingenting om begrensing av farlege gassar i drivstoff.

¹⁰¹ Høgre partiprogram, 1977: 25.

¹⁰² Ibid: 27.

¹⁰³ KrF partiprogram, 1977: 16.

¹⁰⁴ Ibid: 17.

¹⁰⁵ Senterpartiet partiprogram, 1977: 54.

¹⁰⁶ Ibid: 53.

SV hadde heller ingenting om dette, slik dei hadde i 1973 kor dei ville forby blyinnhald i bensin. Dei hadde derimot opprettholdt ønsket om at kollektivtrafikken skulle bli gratis, samt bli prioritert gjennom nyinvesteringar og tilskott frå staten. Det var særleg skinnegåande trafikk, då i hovudsak tog, dei ynskja å investere i. Dette gjaldt både i lokaltrafikken, godstransporten og som supplering til flytransporten.¹⁰⁷ SV sitt partiprogram i 1977 var det einaste som lanserte det konkrete ønsket at jernbana skulle overta for delar av flytrafikken. Når det gjaldt privatbilbruken ynskja dei ikkje å gjennomføra «vegbygging som gir økt kapasitet for personbiltrafikk» - og at vegar generelt burde byggast i to felt, med mindre hensynet til busstrafikken tilsa kollektivfelt. Dette var eit konkret eksempel på korleis dei både ville auka kollektivtrafikken, samt minska privatbiltrafikken. Nå kan det diskuterast om færre folk nyttar bil dersom det finnes færre felt, eller om dei berre blir ståande i kø lengre. Tanken bak tiltaket var nok uansett av miljømessige hensyn. Dei hadde også eit konkret eksempel på korleis dei skulle få folk til å reisa meir kollektivt – «langtidsparkering bør avvikles i bysentra...slik at unødvendig privatbilkjøring kan forbys i arbeidstida på hverdager».¹⁰⁸ Dette var omrent same tiltak som i 1973, men med eit lite tillegg – at langtidsparkeringa burde avviklas. Dei hadde altså bearbeida tiltaket og komt med eit enno meir spesifikt tiltak i 1977, og tiltaket kan minna om Senterpartiet sitt forslag om parkeringsreglar og avgifter i bysentrum.

Venstre hadde i sitt partiprogram eit ønske om å vidareføra elektrifiseringa av jernbana, og på sikt ha heile jernbana elektrifisert. Dette er tiltak me ikkje ser i dei andre partiprogramma. Fleire av jernbanestrekningane var allereie elektrifisert – blant anna Dovrebana og Sørlandsbana – men Venstre viste her at dei ville prioritere miljøvennleg transport. Dei skreiv også at dei ynskja auka bruk av kollektivtransport, og mindre bruk av privatbiltrafikken. Dei hadde mange konkrete tiltak på korleis dei skulle få til dette; fleire ruter og avgongar på dei kollektive transportmidla, gå mot auke av billettprisar, tillate at parkometerpengar vart nytta til tiltak for å fremja kollektivtransporten, gje statleg støtte til bygging av forstadbanar, redusere løyvingane til motorvegar og auke løyvingane til gang- og sykkelstiar samt gågater, innføre avgiftspolitikk på bilar som forureinar mykje og brukar mykje energi, sikra bussrutene eigne gjennomgåande trasear i byområda og innføre restriksjonar på privat bilkjøring i bykjernane.¹⁰⁹ Me ser her altså ei betraktelig auke i tiltak for trafikkforureininga frå Venstre si side frå partiprogrammet i 1973. Det aller siste punktet under samferdselskapittelet til

¹⁰⁷ SV partiprogram, 1977: 25.

¹⁰⁸ Ibid: 25.

¹⁰⁹ Venstre partiprogram, 1977: 13.

partiprogrammet kan karakteriserast som sjølve krona på verket innafor miljøvennlege tiltak i trafikken – Venstre ville «stø arbeidet med å prøve ut elektriske bilar». ¹¹⁰ Ingen andre parti nevner noko som helst om elektriske bilar verken i 1973 eller 1977. Elbilsalget tok seg ikkje skikkelig opp før på 2010-talet i Norge, men Venstre viser her at dei var tidleg ute med partipolitikk som støtta utviklinga av desse bilane.

Ein raud tråd gjennom partiprogramma i 1973 og 1977 var ynskjet om å prioritera styrking av kollektivtransporten og då særleg jernbana. Den store skilnaden mellom dei to åra var kor konkrete tiltaka dei hadde var. I 1973 var det Høgre og SV som hadde nevneverdige konkrete tiltak for å styrka kollektivtransporten. I 1977 hadde både KrF, Senterpartiet og særleg Venstre også komt med konkrete tiltak. Dette tydar på eit auka fokus hos partia på konsekvensane av den lokale forureininga bilane sto for. Paradoksalt nok var det berre Høgre og KrF som adresserte farlege gassar og blyinnhold i bensin i 1977. Mengden blyutslepp frå bilar i Norge auka fram til 1980-talet.¹¹¹

3.2.3 Olje- og energisektoren – 1977.

Også i 1977 adresserte Arbeiderpartiet viktigheten av å følga verneplanen for vassdrag. Her la dei også til at dei ville auka kampen mot forureining av drikkevasskjelder og truga vassdrag.¹¹² Dei utdjupte altså meir kring verneplan og vassdrag. I tillegg til at dei skreiv meir om vassdrag, hadde dei ein heilt anna ordlyd i 1977 kontra 1973. I 1973 ville dei ha «økt tempo» i vasskraftutbygginga, men i 1977 ville dei ha «varsam vidare vasskraftutbygging med sterkt vekt på naturvernomsyna»¹¹³ Desse faktorane lagt saman kan tyde på at Arbeiderpartiet auka fokuset sitt på miljøaspektet ved vasskraft mellom dei to stortingsvalga.

I partiprogrammet for 1977 ytra Arbeiderpartiet at oljeverksemda stilte store krav til tryggleik og miljø. Dette var nokre av grunnane til at dei ynskja eit moderat tempo i leiting og utvinning av olje. Dei hadde også fleire punkt som tiltalar akkurat desse faktorane – «strenge krav til tryggleik for å hindra ulykker og skadar på livet i havet og forureinsing langs strendene», «auka forskingsinnsats om havforureiningar med serleg vekt på nordlege farvatn»

¹¹⁰ Venstre partiprogram, 1977: 14.

¹¹¹ Folkehelseinstituttet 2018.

¹¹² Arbeiderpartiet partiprogram, 1977: 18.

¹¹³ Ibid: 19.

og effektiv kontroll med miljøkrava og sterke auke i investeringane for å auka tryggleik og beredskap ved utvinning av olje og gass.¹¹⁴ Desse tiltaka kan tenkast å knyttast opp mot Bravo-ulukka, kor ein betydelig mengde olje vart blåst ut i havet i åtte dagar i strekk i april 1977. Oljevernberedskapen i Norge viste store manglar under denne ulukka, og kan ha fått Arbeiderpartiet til å føra opp dei overnevnte punkta i partiprogrammet same året. Også SV ynskja ei «kraftig styrking av oljevernberedskapen» i 1977.¹¹⁵ SV adresserte oljevernberedskap også i 1973.

AP ynskja å halda fram med energiøkonomisk forskning, samt arbeida for å utvikla alternative energikjelder, noko dei også hadde med i partiprogrammet i 1973. Ei klar endring frå det valget er at dei i 1977 nevnte kjernekraftverk. Dei tok eit klart standpunkt i debatten kring utbygging av slike anlegg, og ynskja verken planlegging eller utbygging av dette.¹¹⁶ Kva dei eventuelt andre alternative energikjeldene dei ynskjer å utvikla, seier programmet ingenting om. Dei ville også oppretthalde forskning på varmekraftanlegg.

Høgre ville også i 1977 ta vare på dei verneverdige vassdraga, og meinte at det måtte grundige utredningar om natur- og miljømessige konsekvensar av eventuell utbygging av nye vassverk.¹¹⁷ Her ser me ein ganske lik tankegong som den dei hadde i 1973. Også lenger nede i partiprogrammet proklamerer dei viktigheten av å verna vassdrag.¹¹⁸

I 1977 meinte Høgre framleis at viktigheten av å få klarlagt konsekvensane av oljeproduksjonen var høg. Dei skriv vidare at dei ville ha eit moderat tempo på utvinninga og at nye leite- og utvinningstillatelsar måtte tildelast i ein takt kor dette var mulig. Vidare stilte dei større krav til prøveboring nord for 62. breiddegrad enn i 1973, og då særleg med hensyn til fiskeri – «Før boring tillates, må Stortinget ha tatt stilling til grundige analyser av de konsekvenser oljefirksomheten kan få for fisket og fiskeribasert virksomhet».¹¹⁹ I likhet med Arbeiderpartiet ynskja dei å auka beredskapen mot oljeforeiningar. Dei ville etablira sikringstiltak mot katastrofeartede ulykker, og siktar her truleg til Bravo-ulukka.

¹¹⁴ Arbeiderpartiet partiprogram, 1977: 20.

¹¹⁵ SV partiprogram, 1977: 9.

¹¹⁶ Arbeiderpartiet partiprogram, 1977: 19.

¹¹⁷ Høgre partiprogram, 1977: 33.

¹¹⁸ Ibid: 36.

¹¹⁹ Ibid: 31.

Høgre ynskja stor vekt på energisparetiltak og effektiv energiutnyttelse, og meinte at økninga i energiforbruket måtte dempast gjennom ein aktiv politikk.¹²⁰ Måten dei ville gjera dette på var gjennom informasjonstiltak, utvida forskningsinnsats, betre utnyttelse av eksisterande kraftverk, ei vurdering av prissystemet som virkemiddel for økonomisering med energi og støttetiltak som oppmuntra til energisparemetodar.¹²¹ Alle desse tiltaka var nye i 1977-programmet, og me ser her at ENØK-tankegongen var stor hos Høgre. Også SP ville ha eit energispareprogram. Deiras program ville dog ha fokus på «bedre isolering av bolighus, overgang til energibesparende prosesser i industrien, styrking av overføringsnettet og holdningsendring gjennom informasjon».¹²² Her ser me likhetstrekk i form av betre informasjonsflyt til folket. Senterpartiet ynskja i tillegg til dette forskning på energiøkonomisering og alternative energiformar, og at det skulle utformast straumtariffar som ikkje oppfordra til overdrevent straumforbruk.¹²³ Noko som var igjen frå 1973, for Høgre sin del, var ønsket om å vurdera miljøvirkningane av olje-, gass- og kjernekraftverk. Me ser altså her at dei såg på kjernekraft som eit aktuelt energitiltak.

I 1977 ynskja SV å innføra ressursskatt på oljeutvinning.¹²⁴ Dette kan ein sjå på som eit indirekte miljøtiltak. Oljeutvinninga ville truleg ikkje minska av ressursskatten, men pengane kunne nyttast til vidare miljøtiltak. SV ynskja ikkje at oljeproduksjonen i Nordsjøen skulle overstiga 50 millionar tonn oljeenheter årleg.¹²⁵ Dei gjekk også i mot vidare utbygging av Statfjordfeltet, boring etter olje nord for 62. breiddegrad, samt vidare boring i Nordsjøen – dette var nytt i 1977-programmet. Kor dei i 1973 ville halda døra åpen for atomkraft, hadde dei i 1977 tre punkter kor dei viser kategorisk motstand mot atomkraft.¹²⁶ Dei var, som i 1973, framleis for ei kraftig styrking av oljevernberedskapen.¹²⁷ Me ser her ei kraftig auke i konkrete tiltak som SV la til i 1977-programmet sitt.

Også i 1977 var SV sitt syn på kraftkrevande og miljøfiendtlig industri at det burde opphøyраст.¹²⁸ Dei gjekk også inn for ein redusert vekst i generell energiforbruk og -

¹²⁰ Høgre partiprogram, 1977: 33.

¹²¹ Ibid: 33.

¹²² Senterpartiet partiprogram, 1977: 40.

¹²³ Ibid: 40.

¹²⁴ SV partiprogram, 1977: 2.

¹²⁵ Ibid: 7.

¹²⁶ Ibid: 8.

¹²⁷ Ibid: 9.

¹²⁸ Ibid: 5.

produksjon innen 1990, og begrunna dette med hensynet for dei fattigare delar av verda sin mulighet til å betra livsvilkåra sine. Dei ville også støtta tiltak som motverka sløsing med elektrisitet, og at desse tiltaka i første omgang vart retta mot den kraftkrevjande industrien.¹²⁹ Her kan ein sei at dei heilgarderer seg – vil i utgongspunktet stoppa kraftkrevjande industri, men dersom dette ikkje er mulig vil dei innføra tiltak mot dei. Kva desse tiltaka var, får me dog ingen svar på i partiprogrammet. Som nevnt i 1973-programmet ville SV kun satsa på naturgass til produksjon av elektrisk straum. I 1977-programmet nevner dei, i tillegg til gasskraftverk, vasskraft. Dei utdjupa også viktigheten av at vassdragsutbyggingar måtte innehalde grundige utredningar om blant anna dei økologiske konsekvensane dette kunne få.¹³⁰ Dei adresserer vassdrag og verneplan for vassdrag i eit klart større omfang i 1977 enn i 1973. Eit anna viktig punkt, og kanskje det viktigaste med hensyn til miljøet, er at dei gjekk inn for «økt forskning og utvikling av miljøvennlige energikilder som gass, vind, bølge og solenergi».¹³¹ Auka forskning på vind-, bølge- og solenergi skiljer seg sterkt ut frå dei fleste andre partiprogramma, og er noko som ikkje blei nevnt i nokon av partiprogramma i 1973.

SV ville bryta med IEA – Det Internasjonale Energibyrået – som vart oppretta i kjølvatnet av oljekrisa i 1973. Dette hang truleg saman med deiras motstand mot kapitalismen, då dei understreka i partiprogrammet deiras at IEA var «en organisasjon av verdens rikeste og mest energibrukende nasjoner».¹³² IEA blir også omtalt som ein «USA-dominert rikmannsklubb retta mot u-landas forsøk på å skape en ny økonomisk verdensordning» og at organisasjonen tar sikte på å utvikla Nordsjø-olje og atomkraft, samt fjerna hindringar for auka energiproduksjon, noko SV var imot.¹³³ Venstre ville også bryta med IEA, men dei var ikkje like krasse som SV i ordbruken.¹³⁴ Norge er framleis med i IEA i år 2020.

KrF hadde same syn på å stabilisera energiforbruken i den industrialiserte verda for å ta hensyn til utviklingslanda som det SV hadde. Dette ville dei blant anna få til gjennom eit internasjonalt, energipolitisk samarbeid. Dei ynskja også eit internasjonalt samarbeid om utforskning av alternative energikjelder, men nevner ikkje korleis eller kva for kjelder det er snakk om. Dei ville utvikla ein plan for nedtrapping og energisparing som stabiliserte

¹²⁹ SV partiprogram, 1977: 7.

¹³⁰ Ibid: 7.

¹³¹ Ibid: 7.

¹³² Ibid: 7.

¹³³ Ibid: 36-37.

¹³⁴ Venstre partiprogram, 1977: 27.

energiforbruket i 1990. Dette ville dei få til gjennom ei «varsom utbygging av vannkraft og eventuelt varmekraftverk, fortrinnsvis basert på gass». ¹³⁵ Alle desse tiltaka var nye i 1977, og viser at KrF bevegde seg i ein meir miljøvennlig retning mellom dei to valga. Også SP ynskja ei stabilisering av energiforbruket i 1990, men skreiv ikkje om nokon spesifikke tiltak for dette. ¹³⁶ KrF var ikkje like bastante kring vasskraftutbygging som dei var i 1973, kor dei meinte at vassdrag som ikkje var verna også måtte fritas frå kraftutbygging dersom det var verneverdig.

KrF ynskja ikkje berre eit internasjonalt samarbeid kring alternative energikjelder – dei ville også at forskninga skulle foregå i Norge. Ein alternativ energikjelde dei ikkje lenger ynskja å utvikla, i likhet med Senterpartiet, var kjernekraft. ¹³⁷ Dette stilte dei to partia seg positive til i 1973. KrF stilte seg derimot like i 1977 som i 1973 til varsomhet i utbygging av kraftkrevjande industri.

Olje- og gassutvinninga meinte KrF at burde skje i eit moderat tempo slik at seinare generasjonar også fekk glede av dei. Det måtte også legges stor vekt på «hensyn til naturvern og sikringstiltak». ¹³⁸ Desse sikringstiltaka kan tenkast å ha samanheng med Bravo-ulukka, slik som AP, Høgre og SV også adresserte i sine partiprogram. KrF hadde stort fokus på at olja ikkje skulle øydelegge for fiskerinæringa, og ville at utviklinga innafor oljesektoren måtte ta hensyn til dette. Blant anna ville dei ta hensyn til dette i spørsmålet om prøveboring etter olje nord for 62. breddegrad. ¹³⁹ Dette er lik tankegong som Høgre i den saken. Dei låg i eit slags midtsjikte mellom Arbeiderpartiet som ynskja å utvinne, og SV som ikkje ynskja å utvinne nord for 62. breiddegrad i det heile, og endra seg ikkje i særleg grad frå 1973 på dette punktet.

Venstre hadde lik meining knytta til mindre kraftkrevjande industri, samt same syn på økonomisk vekst i 1977 som i 1973 – måtte ha miljøhensyn også inne i vurderinga. ¹⁴⁰ Dei påpeikte også at dette ville bli ein tidkrevjande prosess. Til forskjell frå 1973 adresserte dei i 1977 problemet med at enkelte ressursar ikkje fornyar seg, til dømes olje, og ynskja å avgrensa forbruket av dette, samt få så «mykje som mogeleg av produksjonen og forbruket

¹³⁵ KrF partiprogram, 1977: 5.

¹³⁶ Senterpartiet partiprogram, 1977: 39.

¹³⁷ KrF partiprogram, 1977: 6 og Senterpartiet partiprogram, 1977: 40.

¹³⁸ KrF partiprogram, 1977: 12.

¹³⁹ Ibid: 13.

¹⁴⁰ Venstre partiprogram, 1977: 1.

over på dei fornybare naturressursar og å utnytte desse så langt dei tåler..». ¹⁴¹ Det var viktig for dei at det dei omtalar som fornybare naturressursar ikkje vart skattlagt – dette var ikkje nevnt i 1973. ¹⁴² Venstre ville gå mot utbygging av atomkraft, gå inn for omfattande vern av vassdrag, «redusere den årlege veksten i energiforbruket til 2 % for året i gjennomsnitt fram til 1985 med sikte på å stabilisere energibruken innan 1990», utvida støndadsordningar for å stimulere til meir miljøvenlege produksjonsprosessar, ingen prøveboring nord for 62. breiddgrad og stabilisere oljeutvinninga på 50 millionar tonn frå 1990. Det som skilte dei mest frå andre parti – med unntak av SV – var deiras ynskje om å fremja forskning på bølgjekraft, solenergi, tidevatn, jordvarme og vindkraft. ¹⁴³

Senterpartiet ynskja å stoppe utbygginga av Alta-vassdraget, som det einaste partiet, men ville samstundes utnytta mindre vassdrag til straumproduksjon. ¹⁴⁴ Dei ville i likhet med SV og Venstre stabilisera oljeutvinninga på rundt 50 millionar tonn i 1990, samt vera heilt sikre på at oljeutvinning nord for 62. breiddgrad ikkje fekk konsekvensar for fisket. ¹⁴⁵

Dei største skilnadane mellom dei to åra var det auka fokuset på oljevernberedskap og stabilisering av energibruken. Alle partia var enige om at oljeutvinning skulle vera trygt og at teknikkar for å gjennomføre det skulle forskast på i 1973. Skilnaden i 1977 var at beredskapen ved ulukker vart meir adressert, blant anna i større grad av Høgre og Arbeiderpartiet. Det auka fokuset kan ha hatt samanheng med Bravo-ulukka våren 1977. Venstre hadde allereie i 1973 eit konkret ynskje om å skipa eit katastrofefond med tanke på ulukker ved oljeutvinning.

Fleire av partia, SV, Venstre, SP og KrF, hadde meir eller mindre konkrete ynskjer og tiltak for å stabilisera energibruken eller utvinninga av olje til 1990. Dette er partia som i det store og heile var imot EF-medlemskap, og blant anna grunngav motstanden med at miljøhensyn skulle vera med i rekneskapet kring økonomisk vekst. Denne tankegongen var ein del av ein ny samfunnskritikk, slik det er nevnt tidlegare i oppgåva. Me ser altså at denne nye samfunnskritikken vart viktig for fleire av partia ved valget i 1977. Dei to store partia Høgre

¹⁴¹ Venstre partiprogram, 1977: 2.

¹⁴² Ibid: 3.

¹⁴³ Ibid: 4.

¹⁴⁴ Senterpartiet partiprogram, 1977: 36 og 40.

¹⁴⁵ Ibid: 42.

og Arbeiderpartiet var for EF-medlemskap og nevnte ingenting om stabilisering av energibruken eller oljeutvinning i sine partiprogram.

Ein anna sak kor partia hadde endra innstilling, var synet på atomkraft. Samtige parti, med unntak av Høgre, ynskja i 1977 å skrinlegga planar om utbygging av kjernekraftverk. Dette var ein svært dagsaktuell diskusjon, og i 1978 kom Kjernekraftutvalget med ei klar anbefaling om at det «bare kan komme på tale å ta i bruk kjernekraftverk med lettvannsreaktorer». ¹⁴⁶

Dei aller mest framoverretta punkta frå 1977 var det SV og Venstre som sto for; ynskja forskning på vind-, bølge-, sol-, tidevatn- og jordvarme.

3.2.4 Andre sentrale miljøtiltak – 1977.

I 1977 hadde Arbeiderpartiet eit punkt kor dei la vekt på viktigheten av å «fremja den almenne forståing for miljø- og ressursomsyna». ¹⁴⁷ Dette tiltaket kan ein sjå på som ganske viktig, då kvar og ein person har, og hadde, eit stort ansvar i miljøproblematikken. Dei ynskja også ei samla lov om forureiningar for å sikra betre ressursforvaltning og sterkare satsing på miljøforskning. I 1977 hadde dei større fokus på konsekvensane forureining hadde for havet – dei ville ha betre beredskap mot havforureiningar, samt overvake forureiningstilstandane i vatn og luft. ¹⁴⁸ Ellers hadde dei like tiltak som i 1973.

Det sterke fokuset Arbeiderpartiet hadde på internasjonalt samarbeid i 1973 haldt fram i 1977. Dei nevnte, som i 1973, både europeisk og nordisk samarbeid som viktig. ¹⁴⁹ I tillegg til dette la dei fram IEA, noko også Høgre gjorde, og OPEC. Samarbeid knytta opp mot IEA var dei særleg opptekne av forskning, energisparing og utvikling av energikjelder. Som nevnt lenger oppe i teksten var SV svært kritiske til IEA og omtalte dei som ein rikmannsklubb som kun var interessert i økonomisk vinning. AP hadde heller fokuset på kva ein slik organisasjon kunne gi av positive utfall, og det er interessant å sjå kor motstridande meiningar dei hadde på dette området, all den tid dei i perioden 1973-1977 hadde ein form for samarbeid på Stortinget. SV var også imot noko som helst samarbeid med EF – heller ikkje på miljøpolitikk. ¹⁵⁰ SP ville også sei opp avtalen med IEA, då «samarbeidet i dag ikke fremmer en internasjonal energipolitikk Senterpartiet kan støtte». Denne internasjonale

¹⁴⁶ NOU 1978:35A:6.

¹⁴⁷ Arbeiderpartiet partiprogram, 1977: 17.

¹⁴⁸ Ibid: 18.

¹⁴⁹ Ibid: 39.

¹⁵⁰ SV partiprogram, 1977: 39.

energipolitikken SP ville føra baserte seg på å dempa energivekst i dei rike landa, energisparing og utvikling av uskadelige alternative energiformer.¹⁵¹ Venstre nevnte også at dei ville gå ut av IEA.¹⁵² Når det gjeld OPEC skreiv Arbeiderpartiet at dei ville «byggja ut kontaktane» dit.¹⁵³ Oljekrisa i 1973 var truleg friskt i minne då dei lanserte eit tettare samarbeid med både IEA og OPEC. Høgre adresserte samarbeid med FN og NATO i 1977 som nytt miljøtiltak i forhold til 1973.¹⁵⁴ Dei var framleis positive til EF-samarbeid. Også i 1977 adresserte Høgre, saman med Senterpartiet og KrF, miljø og Svalbard i samanheng.¹⁵⁵ Dei ville dog ikkje lenger gi støtte til miljøtiltak i u-land, men meinte at norske prosjekt i desse landa måtte unngå miljøskader og økologiske forstyrrelsar.¹⁵⁶ Senterpartiet nevnte ingenting om miljøtiltak i u-land i 1977. KrF ville ha eit brent internasjonalt samarbeid for å sikra ei ansvarleg forvaltning av jordas ressursar, slik som mange av dei andre partia, men dei stilte seg noko kritisk til IEA. Dei ville ta avtalen opp til vurdering dersom den gjekk på bekostning av nasjonal politikk.¹⁵⁷

Eit punkt som skilte seg ut i 1977 var Senterpartiets forslag om å etablera eit register som «til enhver tid viser hvordan ressurssituasjonen er». Dette registeret ville dei nytta for å legga fram årlege ressursbudsjett som skulle vera retningsgivande for dei politiske beslutningane om ressursbruken.¹⁵⁸ Dei skilte seg også ut ved å ynskja «at Norge både på nasjonal og internasjonal basis arbeider aktivt mot forurensninger som gir sur nedbør».¹⁵⁹ Sur nedbør var eit stort problem på denne tida, og berre to år etter valget i 1977 kom Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridende luftforurensing kor over 30 land vart enige om å redusera forsura utslepp.¹⁶⁰ KrF ville også ha «tiltak mot skadene av sur nedbør».¹⁶¹

Også i 1977 ville Venstre styrka undervisninga om økologi og miljøvern. Dei nevnte også undervisning om ressursforvaltning som eit område dei ville styrka.¹⁶² SV vil også styrke denne type undervisning.¹⁶³ I 1977 hadde ikkje SV lenger eit punkt om stabilisering av

¹⁵¹ Senterpartiet partiprogram, 1977: 40.

¹⁵² Venstre partiprogram, 1977: 27.

¹⁵³ Arbeiderpartiet partiprogram, 1977: 38.

¹⁵⁴ Høgre partiprogram, 1977: 6.

¹⁵⁵ Ibid: 11.

¹⁵⁶ Ibid: 9.

¹⁵⁷ KrF partiprogram, 1977: 5.

¹⁵⁸ Senterpartiet partiprogram, 1977: 35.

¹⁵⁹ Ibid: 36.

¹⁶⁰ Miljødirektoratet, u.å.

¹⁶¹ KrF partiprogram, 1977: 8.

¹⁶² Venstre partiprogram, 1977: 20.

¹⁶³ SV partiprogram, 1977: 21.

folketalet, men ville framleis at det ikkje skulle betalast aksjeutbytte til forureinande bedrifter.¹⁶⁴

Me ser i dette delkapittelet ein klar skepsis til enkelte internasjonale samarbeid – særleg IEA. Både SV, Venstre og SP ville gå ut av avtalen då dei meinte den ikkje tjente til det beste for norsk energipolitikk. KrF var også noko skeptisk til vidare samarbeid innafor IEA. Dette er dei same partia som hadde konkrete tiltak for å begrensa og stabilisera energibruken i Norge innan 1990 og som var negative til EF-medlemskap delvis på bakgrunn av den nye samfunnskritikken. På den andre sida var Høgre og AP positive til samarbeid innafor IEA, samt andre internasjonale organisasjoner. Dei var positive til EF-medlemskap, og me kan i dette tilfellet sjå eit mønster i forholdet mellom EF-medlemskap og IEA-samarbeid.

Utanom dei nevnte tiltaka i denne oppgåva ville fleire av partia ha tiltak retta mot farlege stoff i andre produkt enn drivstoff, få på plass betre resirkuleringsmogelegheiter, diskusjon rundt Miljøverndepartementet og forskjellige tiltak knytta opp mot jordbruk, skogsdrift, fiskenæringa, sentralisering/desentralisering og støy i lokalmiljøet. Alle desse sakane og dei forskjellige synspunkta partia hadde kan bli knytta opp mot energi og miljø, men har vorten utelatt då andre tiltak har vorten vurdert som meir relevante og viktige for oppgåva.

4.0 Avslutning og vidare forskning

Denne oppgåva har forsøkt å redegjera for partiprogramma til dei noverande stortingspartia før valga i 1973 og 1977, og i kva grad dei endra seg med hensyn til energi og miljø mellom valga. Jevnt over var det ei generell auke og større konkretisering av miljøtiltak i 1977. Dei ulike delkapitla har forsøkt å oppsummere dei ulike tiltaka, og dette kapittelet vil difor vera ei ganske generell avslutning.

Eit interessant, og noko overraskande funn var at oljekrisa ikkje ser ut til å ha påverka partiprogramma i nevneverdig grad med hensyn til utvikling av nye energikjelder. Oljekrisa er likevel redegjort for i denne oppgåva, då det var ei sentral hending innafor energisektoren på 70-talet. Me ser også at Arbeiderpartiet ynskja ein politikk som involverte eit større samarbeid med OPEC-landa. Ein effekt av oljekrisa me kan spora i partiprogramma er Høgre og Senterpartiets fokus på ENØK-tiltak – dette var tiltak som også vart populære i resten av Europa i kjølvatnet av oljekrisa. Dei fleste tiltaka, i alle partiprogramma, ein kan knytta opp

¹⁶⁴ SV partiprogram, 1977: 8.

mot effekten av oljekrisa går dog på økonomi. Dette har truleg to årsakar. Den eine at Norge byrja å produsera olje i 1975 – omtrent eit år etter krisa – den andre at Norge ikkje var blant dei hardast råka landa i verda under oljekrisa. Her kunne ein gjennom vidare forskning samanlikna Norge med nokre av dei landa som vart hardt råka – Nederland og Portugal til dømes – og sett på om dei hadde andre tilnærmingar til alternative energikjelder i åra etter oljekrisa, og eventuelt korleis miljøpolitikken utvikla seg i desse landa. Ein del andre potensielle nye forskningsspørsmål er redegjort for i kapittel *1.2 Avgrensing og avklaring av oppgåva*.

Som nevnt i innleiinga var miljøspørsmålet noko som vekte engasjement hos den norske befolkninga – blant anna gjennom opprettinga av miljøorganisasjonar, rapportar som omhandla komande ressurskriser og det aukande miljøvernfokuset i resten av verda. Dette viste seg særleg ved valget i 1977 kor velgarane meinte at miljøvern var det nest viktigaste saksområdet i politikken. Den aukande mengda miljøtiltak funne i partiprogramma før dette valget kan ha vore eit resultat av velgaranes interesseområder. Den teorien får bli opp til ei anna oppgåve å svare på, men det er i allefall indikasjonar på at miljø og miljøvern hadde vind i segla sine blant både den norske og den internasjonale befolkninga, samt hos særleg nokre stortingsparti, gjennom 1970-talet. Det var SV og Venstre som skilte seg mest ut med sine miljøstandpunkt – blant anna gjennom ynskja om auka forskning på fornybare energiformer, og Venstres punkt om elektriske bilar. Også den dag i dag har desse to partia ein klar miljøorientert politikk.

Det kan av og til verke som fokuset på energi og miljø innafor politikken er noko som først har vorten popularisert og aktuelt dei seinare åra. Denne oppgåva har dog vist at stortingspartia gjennom 1970-talet hadde mange sentrale punkt knytta til denne type politikk, og at fleire av tiltaka dei la fram for over 40 år sidan framleis diskuterer og er aktuelle. Dette vitner kanskje meir om at temaet har vore aktuelt lenge, men at andre politiske saker har vorten prioritert i større grad?

5.0 Kjelder og litteratur

Hovudkjeldene som er nytta er henta frå partidokumentarkivet på nsd.no si nettside. Partidokumentarkivet vart etablert i 1996/1997 og alle prinsipp- og valgprogram sidan 1884 vart scanna og lagt inn i dette elektroniske arkivet. Dokumenta eg har nytta i denne oppgåva er ikkje dei opprinnelige partiprogramma, men ei avskrift i wordformat. Dette påverkar ikkje resultatet av oppgåva mi i noko grad. Meir spesifikt er hovudkjeldene henta frå <https://nsd.no/polsys/data/parti/partidokumentarkivet/>. Fellesnevnen for kjeldene som er nytta er at orda *program* eller *arbeidsprogram* er i tittelen. Dokument med ordet *Prinsipprogram* i tittel eller ingress er ikkje nytta. Følgande partiprogram er nytta, frå 1973 og 1977, i denne oppgåva: Arbeiderpartiet, Høgre, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Valgforbund/Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Fremskrittspartiet.

Litteratur

A/S Norske Esso. 1974. *Om Forsyningskrisen – vinteren 1973/74*. Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2014082508219?page=0.

Benum, E. (1996). *Aschehougs Norgeshistorie – overflod og fremtidsfrykt 1970-1997*. Oslo: Aschehoug.

Folkehelseinstituttet. (2018, 13. februar). Bly (Pb) i uteluft. Henta frå <https://www.fhi.no/nettpub/luftkvalitet/metaller/bly-pb/>.

Hellema, D. (2018). *The Global 1970s – Radicalism, Reform and Crisis*. London: Routledge.

Hofstad, K. (2019, 29. oktober). Kjernekraft i Norge. Henta frå https://snl.no/kjernekraft_i_Norge.

Industridepartementet. (1969-70). *Om Energiforsyningen i Norge*. (Meld. St. nr. 97 (1969-70)). Henta frå https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjonar/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1969-70&paid=3&wid=d&psid=DIVL1037&pgid=d_0769.

Industridepartementet. (1972-73). *Om Verneplan for Vassdrag*. (St. Prp. Nr. 4 (1972-73)). Henta frå https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1972-73&paid=2&wid=a&psid=DIVL520&pgid=a_0193&s=True.

Johnson, D.G., Brænd, T.J., Rosvold, K.A. (2019, 25. november). Energiøkonomisering. Henta frå <https://snl.no/energi%C3%B8konomisering>.

Miljødirektoratet, (u.å). Konvensjonen om langtransportert luftforurensing. Henta 27.04.2020 frå <https://tema.miljodirektoratet.no/no/Tema/Internasjonalt/Internasjonale-avtaler/Luftforurensning/>.

Norges vassdrags- og energidirektorat. (2019, 10. oktober). Verneplan for vassdrag. Henta frå <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/>.

NOU 1978:35A. (1978). *Kjernekraft og sikkerhet*. Henta frå <https://www.nb.no/statsmaktene/nb/68a93fce8053d84d043e1bb940bff38?lang=en#0>.

Oljedirektoratet. (2020, 17. januar). Produksjonstall for desember 2019. Henta frå <https://www.npd.no/fakta/nyheter/Produksjonstal/2020/produksjonstal-for-desember-2019/>.

Olje- og energidepartementet (2019, 3. januar). Kraftproduksjon. Henta frå <https://energifaktanorge.no/norsk-energiforsyning/kraftforsyningen/>.

Reid, K. (2004). The 1973 oil crisis – the embargo shows both OPEC power and weakness.

NPN, National Petroleum News, 96(9), 18-19. Henta frå

<https://search.proquest.com/docview/223290164/fulltextPDF/E3CC89A3848D4E8EPQ/1?accountid=12870>.

Stugu, O.S. (2018). Norsk historie etter 1905 (2. utgåve). Oslo: Det Norske Samlaget.

Tvedt, K.A. (2019, 31. oktober). Stortingsvalg – resultater 1882-2017. Henta frå

https://snl.no/Stortingsvalg - resultater_1882-2017#-Stortingsvalg_1961-1973.

